



**Utdrag av  
Rettsbok**

for

Ytre Nordhordland jordskifterett



År 1977 den 24. mai blei jordskifterett halde i heradshuset på Manger i Radøy.

Rettsformann : Konstituert jordskiftedommar Ottar Fjellestad.

Jordskiftemenn: 1.Sigurd Nepstad, 5100 Isdalstø.

2.Jakob N. Fosse, 5102 Alversund.

Protokollførar :Jordskifteteknikar Nils Klakegg.

Sak nr. 7/1975.

Partar : Saksøkjarar :

		gnr.	37	bnr.	1	5120	Manger
1.	Andreas H. Dalland,	"		2		"	
2.	Hans E. Dalland,	"		3		"	
3.	Einar A. Dalland,	"		4		"	
4.	Magnus O. Dalland,	"		5		"	
5.	Geir Atle Dalland,	"		6		"	
6.	Anders O. Dalland,	"		7		"	
7.	Nils Solbakken,	"		8		"	
8.	Ludvig L. Dalland,	"		9,11		"	
9.	Anna Taule,	"					
10.	Julie, Emma og Brita Dalland,	"		10		"	
11.	Fredrik Bøe,	38		1		"	
12.	Sverre Myhrtveit,	"		2		"	
13.	Jon J. Helland,	"		3		"	
14.	Nilsine Taule dødsbo,	"		4		"	
15.	Willy Helland,	"		5,14		"	
16.	Ingvard Helland,	"		6		"	
17.	Harald og Hildur Haukås,	"		7		"	
18.	Herleif Pletten,	"		8		"	
19.	Jakob N. Helland,	"		9		"	
20.	Trygve Helland,	"		10		"	
21.	Georg Helland,	"		11		"	
22.	Radøy kommune,	"		12		"	
23.	Kristian A. Helland,	"		13		"	
24.	Johannes Helland,	"		15		"	
25.	Mikal Helland,	"		16		"	
26.	Meinert Helland,	"		17		"	

Saksøkte :

1. Jakob A. Grindheim (Heimel :Asbjørn Grindheim)	gnr. 33	bnr. 1,5120	Manger
2. Mons Martinsen Hella (Heimel:Martin Monsen Hella)	"	2	"
3. Anton Berge	"	3	"
4. Oddmund og Else Hella	"	4,6	"
5. Kirsten og Nils Vestrheim	"	5	"
6. Jon Drangevåg	"	7,C.Sundtsgt.15 5000 Bergen	
7. Kirsten Helle,	"	8,Hopsåsen 32 5050 Nesttun.	
8. Borghild Gundersen Hella	"	9,5120	Manger
9. Martin Jensen Hella	"	10	"
10. Ola A. Hella,	"	11	"
11. Nora Soltvedt, (Heimel:Jon Malvin Soltveit)	"	12	"
12. Bjarne Sture,	"	13	Tømmeråsen 11 5043 Hop
13. Tomas Johannessen (Heimel: Johannes Tomassen)	"	14,5120	Manger
14. Bertin Hella	"	15	"
15. Trygve T.Hella	"	16	"
16. Johannes Berg Sjursen	"	17,Breistølen 6 5000 Bergen	
17. Annanias Amundsen	"	18,20,5120	Manger
18. Hermann Nøttveit (Heimel:Birger Knut Nøttveit)	"	59	"
19. Sigvald Bertin Sjursen	"	68 ,76,Fr.Bergsgt.1b 5000 Bergen.	

Saka gjeld :

Utskifting av nausttomter som oppsitjarane på Dalland,  
gnr. 37 og Helland gnr. 38 har på Hella indre, gnr. 33  
i Radøy.

Til stades :

Saksøkjarar :

Andreas H. Dalland, Hans E. Dalland, Einar A. Dalland, for Geir Atle Dalland møtte faren Georg Dalland med skriftleg fullmakt, for Anders O. Dalland møtte faren Olaf M. Dalland med skriftleg fullmakt, Nils Solbakken, Ludvig L. Dalland, for Anna Taule møtte Alfred Taule med skriftleg fullmakt, Fredrik Bøe, Sverre Myhrtveit, Jon J. Helland, for Nilsine Taule dødsbo møtte Sven Hermansen, Ingvard Helland, Harald Haukås, Herleif Pletten, for gnr. 38 bnr. 9 møtte John Karstein Helland som viste fram tinglyst skøyte på eigedomen, Trygve Helland, Georg Helland, Radøy kommune v. ordførar Normann Villanger, Mikal Helland og for Meinert Helland møtte faren Olav Helland med skriftleg fullmakt.

Saksøkte :

Asbjørn Grindheim, Martin Monsen Hella, Anton Berge, Oddmund Hella, Nils Vestrheim, Martin Jensen Hella, Ole A. Hella og Trygve T. Hella.

Desse var lovleg varsla, men møtte ikkje :

Av saksøkjarane :

Magnus O. Dalland, Julie, Emma og Brita Dalland, Willy Helland, Kristian A. Helland og Johannes Helland.

Av dei saksøkte :

Jon Drangevåg, Kirsten Helle, Borghild Gundersen Hella, Nora Soltvedt, Bjarme Sture, Tomas Johannessen Bertin Hella, Johannes Berg Sjursen, Ananias Amundsen, Herman Nøttveit og Sigvald Bertin Sjursen.

Rettsformannen las opp §§ 106-108 i domstollova.

Korkje partane eller jordskiftemennene kjende til tilhøve som skulle gjera nokon av rettsmedlemene ugilde.

På førespurnad kom det ingen merknad mot rettens samansetjing. Jordskiftemennene har før gjeve lovnad som jordskiftemenn.

Rettsformannen la fram :

1. Krav om jordskiftesak, dagsett 27/6-1975 og underteikna av Hans E. Dalland, vedhefta mennsoppnemning, innkalling til møtet i dag med Postverkets kvittering for rek. brev til Radøy kommune og til dei partane som ikkje er busette i Manger (med innlagt varsel) og innkalling påført kvittering for motteke varsel for dei partane som er busett i Manger, samt kvittering for rek. brev til Ingvard Helland.
2. Bekrefta avskrift av utskrift av Nordhordlands soren-skriveris åstedspunktokoll nr. 6, med forlik av 15.juni 1854.
3. Forlik av 29/4-1975.
4. Prosesskrift frå adv. Steinar Molland av 2/5-1977 på vegne av Johannes Berg Sjursen.
5. Protestskriv mot forliket av 27/4-1975 frå oppsitjarane på Hella indre.
6. Skriv frå adv. Steinar Molland av 18. mai 1977.
7. Kopi av krav av 18. mai 1977, underteikna av Asbjørn Grindheim, om grensegang mellom fellesteigen på Hella indre mot gnr. 33, bnr. 17 m.fl.  
Desse fullmakter vart lagt fram:
  8. Fullmakt frå Geir Atle Dalland til Georg Dalland.
  9. Fullmakt frå Anders O. Dalland til Olaf M. Dalland.
  10. Fullmakt frå Anna Taule til Alfred Taule.
  11. Fullmakt frå Meinert Helland til Olav Helland.

Alle dei framlagde dokument vart opplese av rettsformannen.

Saksøkjaren Hans E. Dalland fekk ordet. Han viste til dei opplesne forlik og refererte brevveksling med adv. Steinar Molland og Johannes Berg Sjursen ang. nausta i Skutehavnen. Han spurde Sverre Myhrtveit om hans rettar i Skutehavnen. Sverre Myhrtevcit svara at hans bruk gnr. 38, bnr. 2 hadde fulle rettar i Skutehavnen. Jon J. Helland støtta Sverre Myrtveit i det, både bnr. 2 og bnr. 3 var sjølvstendige bruk.

Rettsformannen uttalte at det var for tidleg å koma inn på slike detalj-spørsmål med den vending saka hadde teke i og med kravet om grensegang som Asbjørn Grindheim hadde sett fram.

Jon J. Helland meinte at heile det området ved Skutehavnen der Dalland og Helland hadde naustrettar høyrde til fellesområdet til Hella indre.

Asbjørn Grindheim fekk så ordet. Han uttalte at oppsitjarane på Hella indre kjende til at det hadde vore ein del usemje mellom oppsitjarane på Dalland og Helland og Johannes Berg Sjursen som var eigaren av bnr. 17 på Hella indre, i det Johannes Berg Sjursen hadde teke seg til rette på det området der Dalland og Helland hadde naustrettar. Men at Johannes Berg Sjursen hadde opptrådt som eigar av det aktuelle området og hadde inngått forlik med oppsitjarane på Dalland og Helland var heilt ukjend til dei vart gjorde kjende med det gjennom innkallinga til jordskifterettsmøtet i dag. Sidan det var Hella indre som åtte området der Dalland og Helland har naustrettar, så hadde desse to gardane å halde seg til Hella indre som motpart. Det forliket som var inngått 29/4-1975 var såleis ugyldig. Hella indre hadde protestert så snart dei hadde fått kjennskap til forliket, og dei hadde og forlangt grensegang etter § 100 i jordskiftelova. Den vidare handsaming av sak 7/1975 måtte utstå til denne grensegangssaka var avgjord. Bnr. 17 var ikkje medeigar i felleseiga på Hella indre.

Hans E. Dalland presiserte at sak 7/1975 gjaldt alle dei naustrettar som Dalland og Helland hadde på Hella indre. Etter forliket av 1854 kunne ein byrja å setja opp naust på den nordlege delen av Skjenet når det var fullt ved Skutehavnen.

Sidan det er avgjerande for når det er fullt ved Skutehavnen alt etter om forliket av 1975 er gyldig eller ikkje, meinte han realitets handsaminga i sak 7/1975 måtte utstå til den grensegangssaka som Asbjørn Grindheim hadde forlangt var avgjord. Han bad om at sak 7/1975 måtte bli fremja slik at

ein kunne kome igang med kartlegging og elles leggja til-høva til rette for ein snar saksgang seinare. Han la så fram :

12. Liste over dei gardsbruka som har eller har hatt naust og naustgrunnar ved Skutehavnens nordaustre side, underteikna av Hans E. Dalland, Andreas Dalland, Olaf Dalland og Georg Helland.

Rettsformannen las opp dok. nr. 12.

Retten saman med partane hadde så synfaring av området på Skjenet og for nordaustre side av Skutehavnen og fekk påvist dei nausta som no står der, kven som eig dei og grunnane til dei nedfalne nausta og området det vart gjort forlik om i 1975.

Etter synfaringa vart partane spurde om dei hadde meir å tilføya. Hans E. Dalland fastheldt at saka måtte fremjast.

Retten skal merkje :

Jordskiftesak nr. 7/1975 gjeld krav frå oppsitjarane på Dalland, gnr. 37 og Helland gnr. 38 om at jordskifteretten skal merkje av og skildre nausttomtar til dei enkelte eigarane på dei to gardane i det området der desse to gardane har naustrettar på garden Hella indre, gnr. 33 i Radøy.

Advokat Steinar Molland har i prosesskriv av 2 /5-1977 på vegne av Johannes Berg Sjursen bede om at saka blir avvist på dette tidspunkt, då det ikkje er klårt kven som har eller har hatt naust på bnr. 17.

I og med at Asbjørn Grindheim har forlangt grensegang for felleseiaga til Hella indre mot bl.a. bnr. 17, er det klårt at jordskifteretten ikkje kan ta sak nr. 7/1975 opp til realitets handsaming med det same. Men uansett utfallet av denne grensegangssaka er det klårt at Dalland og Helland har naustrettar på Hella indre. Det er sers viktig for dei to gardane å få orden på naustspørsmålet så snart som råd er.

Retten ser det og for viktig at det blir teke opp kart over Skjenet og Skutehavnen, og at andre førebuande arbeid kan bli sett i gong slik at realitets handsaminga i saka kan gjennomførast utan tidspille.

Jordskifteføreretten gjorde så samrøystes slikt

Vedtak :

Jordskiftesaka som er kravd av Hans E. Dalland på vegne av oppsitjarane på Dalland, gnr. 37 og Helland gnr. 38 om utskifting av nausttufter desse to gardane har på Hella indre, gnr. 33 i Radøy, blir å fremja.

Jordskifteretten bestemte at det skal takast opp kart over dei områda der desse naustrettane kviler. Partane vart pålagd å skaffa turvande handlangarhjelp til kartlegginga.

Saka vart deretter utsett.

Kostnader med dette møtet:

.....

Sum kr. 360,-

som vart betalt av Hans E. Dalland.

Jordskiftemennene fekk utbetalt det dei hadde tilgode.

Rettsboka vart opplesen og tilstades ved opplesinga var :

Andreas H. Dalland, Hans E. Dalland, Anders O. Dalland møtte ved Olav Dalland, Sverre Myhrtveit, Sven Hermansen, Ingvard Helland, Herleif Pletten, John Karstein Helland, Mikal Helland, Olaf Helland, Asbjørn Grindheim og Anton Berge.

På førespurnad kom desse merknader :

Asbjørn Grindheim sa frå om at heile området rundt Skutehavnen har navnet Skjenet.

Hans E. Dalland sa frå om at spørsmålet han hadde stilt Sverre Myhrtveit var kva tilknytning gnr. 38, bnr. 2 hadde til bnr. 17 på gnr. 33.

Retten heva.

Manger den 24. mai 1977.

Ottar Fjellestad  
(s)

Sigurd Nepstad (s)

Jakob N. Fosse (s)

År 1978 den 2. oktober vart jordskifterett sett i kommune-styresalen på Manger i Radøy herad.

Rettsformann : Jordskiftesommar Sverre Aardal.

Jordskiftemenn : 1. Sigurd Nepstad, 5100 Isdalstø.

2. Jakob N. Fosse, 5102 Alversund.

Protokollførar : Jordskifteteknikar Nils Klakegg.

Sak nr. 7/1975 og sak nr. 4/1977 ved Ytre Nordhordland jordskifterett - utsett etter rettsmøte av 24. mai 1977.

Partane er dei same som i rettsmøtet den 24/5-1977, men gnr. 38, bnr. 9 er no eigd av John Karstein Helland, Radøy kommune går ut som part, då dei har opplyst at dei ingen rettar har i feltet, gnr. 33, bnr. 1 er no eigd av Asbjørn Grindheim, gnr. 33, bnr. 2 er no eigd av Martin M. Hella, gnr. 33, bnr. 9 er eigd av Borghild Gundersen Hella, gnr. 33, bnr. 12 er no eigd av Jan Malvin Soltveit, gnr. 33, bnr. 14 er no eigd av Johannes T. Hella, gnr. 33, bnr. 18 og 20 er i dag eigd av Annanias Asmundsen Hella, gnr. 33, bnr. 68 og 76 er i dag eigd av Karl Herlof Sjursen og Inga Sjursen.

Saka gjeld :

Utskiljing av nausttufter som oppsitjarane på Dalland, gnr. 37 og Helland, gnr. 38 i Radøy har på Hella indre, gnr. 33 i Radøy.

Tilstades i retten var :

Andreas H. Dalland, Hans E. Dalland, Einar A. Dalland, Geir Atle Dalland, for Anders O. Dalland møtte faren Olaf Dalland med skriftlig fullmakt, Nils Solbakken, Ludvig L. Dalland, for Anna Taule møtte Alfred Taule med skriftleg fullmakt, for Fredrik Bøe møtte sonen Svein Bøe med skriftleg fullmakt, Sverre Myhrtveit, for Jon J. Helland møter sonen Jarle Helland med skriftleg fullmakt, for Nilsine Taule's bu møtte Thea Taule etter muntleg fullmakt, Herleif Pletten, John Karstein Helland, Trygve Helland, Georg Helland, ordførar Helland for Radøy kommune, Mikal Helland, Meinert Helland, Arvid Dalland,

Asbjørn Grindheim, Martin Monsen Hella, Anton Berge, Oddmund Hella, Nils Vestrheim, Martin Jensen Hella, Jan Malvin Soltveit, Johannes T. Hella, Bertin Hella, Trygve T. Hella, Johannes Berg Sjursen saman med prosessfullmektigen sin adv. Steinar Molland, Bergen, Annanias Asmundsen Hella, alle partane frå gnr. 33, Hella indre hadde adv. Sigurd Ulveseth som sin prosessfullmektig og han møtte.

Desse var lovleg varsle, men møtte ikkje :

Magnus O. Dalland, Julie, Emma og Brita Dalland, Willy Helland, Ingvard Helland, Harald og Hildur Haukås, Kristian A. Helland, Johannes Helland, Jon Drangevåg, Kirsten Helle, Borghild G. Hella, Olav A. Hella, Bjarne Sture, Birger Knut Nøttveit og Sigvald Bertin Sjursen, men då bruket no er eigm av son hans Karl Herlof Sjursen og Inga Sjursen sa Karl Herlof Sjursen frå pr. telefon at han hadde motteke varselet og vart med det same gjord kjend med at rettsmøtet held fram den 5. oktober på same stad.

Rettsformannen refererte §§ 106-108 i domstollova og etter tilspurnad kom det ingen merknad til samansetjinga av retten og retten sa seg gild i saka.

Framlagt i retten vart :

13. Innkalling til dette rettsmøtet av 1/9-78 vedhefta postkvittering av 1.9.78 for rek. brev til alle partane.
14. Prosesskriv av 2/5-1977 frå adv. Molland.
15. " " 29/9-1978 " Hans E. Dalland.
16. Overutskifting i fotostat for Hella innmark av 16.mai 1890.
17. Prosesskriv av 9.august 1977 frå Asbjørn Grindheim.
18. Skriv av 28. juni 1978 frå adv. Sigurd Ulveseth.
19. Skriv, udatert, frå S.B. Sjursen.
20. Skriv frå Riksarkivet av 29/7-1977, til Asbjørn Grindheim.
21. Avskrift av hovudmatrikkkel-kommisjonen av 1819-1845 vedkomande Hella indre.
22. Skylddeling vedkomande gnr. 33, bnr. 18.

23. Skøyte av 31/9, 1877 for gnr. 33, bnr. 17.
24. Bygselbrev av 1868 for Orm-berget.
25. Tilsvar av 12/10-64 frå adv. Haaland, sak 68/1964 A ved Nordhordland heradsrett.
26. Skylddeling for gnr. 33, bnr. 45.
27. Fotostat av underutskifting på Hella innmark av 11. juli 1889.
28. Fotostat av grünrboka vedkomande Orm-berget.
29. Fullmakt av 2/10-78 frå Anna Taule til Alfred Taule.
30. " " " " Jon Helland til Jarle Helland.
31. " " 1/10-78 " Fredrik Bøe " Svein Bøe.
32. " " " " Anders O. Dalland til Olaf M. Dalland.

Dessutan vart hatt tilstades i retten :

Utskiftingskartet for Hella innmark av 1887.

Av dei framlagde dokument vart opplest det som dei møtande fann turvande.

Rettsformannen spurde om nokon hadde noko å innvenda mot at jordskifteretten handsama dei rettsspørsmål som er turvande å avgjera for å gjennomføra jordskiftet eller eventuell ordningssak i høve til jordskiftelova for naustområdet til gardane Dalland og Helland som ligg på gnr. 33, Hella indre.

Der kom då ingen protest til dette, men seinare hadde adv. Molland kome noko i tvil vedkomande det formelle høve for jordskifteretten å handsama desse tvistar.

Adv. Molland vart difor av rettsformannen oppfordra til straks og under dette rettsmøtet å taka stode til om han ville legga ned formell protest mot at jordskifteretten handsama dei rettsspørsmål som er turvande for å gjennomføra eit jordskifte eller ei ordning av nausttuftene eller bruksrettar for desse.

Rettsformannen sa frå at dei tvistar av rettsleg art burde verta slutthandsama i dette rettsmøtet og alle dei møtande sa frå om at dei var budde til det.

Deretter fekk saksøkjarane ordet, først ved Hans E. Dalland som held fast ved jordskiftekravet av 27/6-1975, og ba om å få saka fremja og gjennomførd i samsvar med dette krav. Han sa at partane på Dalland og Helland hadde inngått ei rettsleg semje av 29/4-1975 og denne semja såg han som gyldig for tilhøvet mellom gnr. 33, bnr. 17 og partane på Dalland-Helland. Han vart likevel oppfordra av rettsformannen til å uttala seg om alle tilhøve av rettsleg art vedkomande jordskiftefeltet og det gjorde han.

Deretter fekk adv. Ulveseth ordet for sine partar frå Hella indre og han held fast på grensegangskravet av 18. mai 1977 frå Asbjørn Grindheim der Hella indre krev grensene fastlagde og i høve med dette eigedomstilhøva klårlagde mellom sine partar og gnr. 33, bnr. 17 og nausttufta til Karl Herlof Sjursen. Han held fram at hans partar hadde eigedomsretten til heile området ved Skutehamna ned for dei såkalla Nåvene. Dette tilsa då at hans partar ikkje kunne godkjenna semja av 29/4-1975. Dessutan klårgjorde han andre ting som seinare ville verta referert i saka.

Deretter fekk adv. Molland ordet for sin part og sa frå om at semja av 29/4-1975 var gyldig for sin part og meinte difor at saka måtte avvisast frå jordskifteretten. Han gav også utgreiing om rettstilhøva i Skutehamna frå tida før semja.

Rettsformannen sa no frå om at der var rettsleg tvist om eigedomstilhøva kring Skutehamna og oppfordra partane til å hjelpe til med å få tvisten ordna ved semje, men mekling førde ikkje fram og tvisten vart difor å taka opp til rettsleg avgjerd av jordskifteretten då eigedomstilhøva og bruksrettstilhøva må verta endeleg fastlagde før saka kan gjennomførast.

Retten saman med partane og prosessfullmektigane tok synfaring på åstaden og herunder fekk partane avgjeva partsforklaring etter at dei var gjord kjende med ansvaret for dette av rettsformannen. Dessutan fekk prosessfullmektigane og partane stilla spørsmål når partane forklara seg. Prosessfullmektigane fekk gjera den utgreiing og påvise i marka det dei fann turvande.

No sa adv. Molland greidt frå at han ikkje hadde formelle innvendingar mot at jordskifteretten handsama dei retts-spørsmål som her har meldt seg for gjennomføring av desse 2 jordskiftesakene.

Tilslutt fekk dei 3 partsgruppene halda sine endelege prosessinnlegg og desse innlegga vart halde av Hans E. Dalland, adv Ulveseth og adv. Molland.

Alle tre partsgruppene la ned sine endelege påstandar som vert å taka inn i orskurden som seinare vert førd i rettsboka.

Etter tilspurnad frå rettsformannen sa alle partane og både prosessfullmektigane frå om at dei ikkje hadde fleire dokument, prov eller innlegg å koma med i saka eller vitner å føra og rettsformannen sa at rettsforhandlingane var slutt og saka vert å taka opp til avgjerd ved orskurd i jordskifte-ritten.

Jordskifteretten granska no dokument og partsinnlegg og utsette saka til nytt rettsmøte den 12. oktober 1978 kl. 15.30 i kommunestyresalen på Manger. Dette vart partane gjord kjende med og at orskurden då ville verta kunngjord.

Dette møtet kostar :

..... Sum kr. 981,30  
som førebels vart betalt av eigaren av gnr. 33, bnr. 1,  
Asbjørn Grindheim med kr. 981,30.

Rettsboka vart opplest for dei møtande partane og prosessfullmektigane som ikkje hadde noko å merka til rettsboka eller leidinga av retten.

Saka vert hermed utsett.

Retten heva.

Manger den 5. oktober 1978.

Sverre Aardal (sign.)

Sigurd Nepstad (s)

Jakob N. Fosse (s)

År 1978, den 12. oktober vart jordskifterett sett i kommune-styresalen på Manger i Radøy herad.

Rettsformann : Jordskiftedommar Sverre Aardal.

Jordskiftemenn : 1. Sigurd Nepstad, 5100 Isdalstø.

2. Jakob N. Fosse, 5102 Alversund.

Protokollførar : Jordskifteteknikar Nils Klakegg.

Sak nr. 7/1975 og sak nr. 4/1977 - utsett etter rettsmøte  
av 5. oktober 1978.

Jordskifteretten er den same som i møtet 2.- 5. oktober 1978  
og er framleis gild i saka.

Jordskifteretten gjorde vedtak om å handsama sak nr. 7/1975  
og sak nr. 4/1977 under eitt, då desse sakene grip så mykje  
inn i einannan på det rettslege plan at det er heilt tur-  
vande med sams handsaming av både sakene.

Det har synt seg at der er tvist om naustrettane ligg på  
full eigedom på nordsida av Skutehamna eller om det er  
bruksrettar. Jordskifteretten har difor enno ikkje teke  
stade til om jordskiftesaka vil verta handsama som vanleg  
jordskifte eller som ei ordningssak av bruksrettar og dette  
vil jordskifteretten koma attende til når eigedomstilhøva,  
eller rettstilhøva er endeleg avgjorde.

I rettsmøtet den 2.-5. oktober vart desse dokument framlagde:

33. Panteobligasjon av 7. april 1923 vedkomande gnr. 38,  
bnr. 10.

34. Fotostat av skriv av udatert brev fra Johs. Berg  
Sjursen til partane på Dalland - Helland, motteke  
14/4-76.

35. Fotostat av skriv av 23/4-1976 fra adv. Molland til  
Hans E. Dalland.

36. Skriv av 30/4-1976 fra adv. Molland til Hans E. Dalland.

37. Gjenpart av skriv, udatert, til Johs. Berg Sjursen fra  
Hans E. Dalland.

38. Skriv i gjenpart av 24. april 1976 til adv. Molland fra  
Hans E. Dalland.

39. Fotostat av skriv av 21. januar 1977 til partane på  
Dalland - Helland fra Johs. Berg Sjursen.

40. Panteobligasjon, tingl. 6. april 1925 vedkommande gnr. 37 bnr. 4.
41. Panteobligasjon vedkommande gnr. 37 bnr. 6 av 16/3-1931.
42. Skøyte av 4. februar 1905 for gnr. 37, bnr. 8.
43. " " 24. august 1896 fra Marta Iversdotter til Knut Knutsen.
44. Pantebrev av 12/9-1956 vedkommande gnr. 38, bnr. 10.
45. Skøyte tinglest 24. februar 1909, vedk. gnr. 37, bnr. 2.
46. Pantebrev av 26/5-1962, vedk. gnr. 38, bnr. 9.
47. Panteobligasjon av 20. mai 1922, vedk. gnr. 38, bnr. 9.
48. Pantebrev av 5/3-1949, vedk. gnr. 38 bnr. 9.
49. Panteobligasjon av 22. juli 1910, vedk. gnr. 38 bnr. 2.
50. Skriv av 22/8-1972 fra Statsarkivet i Bergen til Magnus Myrtveit.
51. Skriv av 7. september 1972 fra Statsarkivet i Bergen til Magnus Myrtveit.
52. Skriv av 29. august 1972 fra Statsarkivet i Bergen til Magnus Myrtveit.
53. Skriv av 10. april 1973 fra Statsarkivet i Bergen til Magnus Myrtveit.
54. Tinglest festesetel vedk. plassen Ormberget, tinglest 22. oktober 1830.
55. Gjerdeskjøn vedk. bnr. 17 og 18 av 25. oktober 1900.

Dei her skrivne dokument vart opplesne i møtet 2.-5.oktober 1978.

Det synter seg at der var tvist om eigedomsretten og grensene for gnr. 33, bnr. 17 for det området som ligg sørvest for dei såkalla Nåvene.

Det var også tvist om rettsforliket av 1975 mellom eigarane på gnr. 37, Dalland, gnr. 38, Helland og eigaren av gnr. 33, bnr. 17 har inngått skal leggast til grunn ved handsaminga av denne jordskiftesak.

Der er også tvist om det rettsforlik som var inngått i 1854 mellom Dalland og Helland på den eine sida og Hella indre på den andre sida skal opphevast og ikkje leggjast til grunn ved denne jordskiftesak.

Dessutan er det også tvist om kvar dei nausttuftene som er nemnde i forlik av 1854 skal ligga i terrenget.

Dertil er det tvist om bruksretten eller eigedomsretten under bu nr. 10 tilhøyrande gnr. 33, bnr. 20.

Derimot er det ikkje tvist om at gnr. 33, bnr. 68 har rett til naustgrunnen sin d v s nr. 9 på jordskiftekartet.

Det er heller ikkje tvist om at bu nr. 11 tilhøyrande gnr. 33, bnr. 17, tilhøyrer dette bruksnummer.

Det er heller ikkje tvist om at etternemnde gnr. og bnr. har kvar rett til ei nausttomt i området etter denne liste:

Namn i forlik av 1854.	Gnr.	Bnr.	Noverande eigar.
Rasmus Johannessen	37	3	Einar Dalland
Hans Rasmussen	"	2	Hans E. Dalland
Lars Johnsen Dalland	"	8	Ludvig L. Dalland
Erling Monsen Dalland	"	4 og 5 (ein tomt)	Magnus O. Dalland Geir Atle Dalland
Anders Andersen Dalland	"	6 og 7 (ein tomt)	Anders O. Dalland
Petter Paulsen Helland	38	6	Nils Solbakken Ingvard Helland
Jakob Pedersen Helleland	"	11	Georg Helland
Kristian Eriksen Helland	"	1	Fredrik Bøe
Petter Paulsen Helleland	"	8	Herleif Pletten
John Jakobsen Helleland	"	7	Harald og Hildur Haukås
Nils Olsen Helland	"	9	John K. Helland
Knut Pedersen Helland	"	4	Nilsine Taules bu
Jens Hansen Helland	"	5	Willy Helland
John Monsen Helland	"	2	Sverre Myrtveit og Annbjørg Myrtveit
John Monsen Helland	"	3	John J. Helland
Knut Monsen Helland	"	10	Trygve Helland
Johannes Monsen Helland	37	1	Andreas H. Dalland

Det er heller ikkje tvist om at gnr. 33, Hella indre har eigedomsretten til Nordre Skjenetongen d v s området vest for forliksgrensa av 1854 og at brukta på Dalland og Helland her har bruksrett til oppføring av naust for dei naust der ikkje var plass til etter forliket av 1854 på området på nordaustsida av Skutehamnen.

Dei tvistespørsmål som framanfor er nemnde har jordskifte-  
retten teke opp til handsaming for avgjerd i jordskifte-  
retten og avsa denne samrøystes

Orskurd:

Eigarane frå gnr. 37, Dalland og gnr. 38, Helland har her  
halde fram at dette tvistespørsmål for såvidt har vore  
handsama i heradsretten først i 1965 og så i 1975. I 1975  
inngjekk partane frå Dalland og Helland ei semje med eigaren  
av gnr. 33, bnr. 17. Me trudde då at tvistespørsmålet  
skulle vera ordna, men det synte seg at dette ikkje var slik  
for når me skulle taka til å brukta området på nordaustsida  
av Skutehamna kom det skriftlege protestar frå eigaren av  
gnr. 33, bnr. 17 og frå hans advokat. Dette syner seg i  
vedlegg nr. 34 - 39 i denne sak. Dette tilseier at semja  
var uklår og i dag forstår me det slik at det må ei særskild  
rettssak til for kvar einskild som vil byggja naust innan  
dei 40 m som semja av 1975 nemner, for eigaren av gnr. 33,  
bnr. 17 seier at alle må prøva sin rett til naust der.

Ved inngåing av semja var ikkje rekna med at Hella hadde  
nokon innverknad på kor mange naust som kunne oppsetjast,  
men etter at Hella indre protesterar mot semja av 1975  
innser me at Hella også har med dette rettsspørsmål å  
gjera. Han opplyste også at gnr. 38, bnr. 2 ikkje hadde  
skrive under semja av 1975, men dette bruk har dokumentert  
naustrett i området. Etter dette meiner dei at forliket  
av 1975 ikkje kan leggjast til grunn ved denne jordskifte-  
sak, men jordskifteretten må leggja til grunn forliket av  
1854.

Skulle forliket av 1975 leggjast til grunn ville partane  
på Dalland og Helland tapa fleire nausttufter og det fekk  
ikkje me inntrykk av under rettsforhandlingane i herads-  
retten i 1975, for me meiner å ha dokumentert krav på 17  
nausttomter, og difor må forliket av 1854 leggjast til  
grunn ved denne jordskiftesak. Dei heldt også fram at  
gnr. 33 bnr. 17 i 1854 berre var ein husmannsplass som  
ikkje eigde noko då og heller ikkje hadde bruksrett til  
noko ned for Nåvene.

På den tid var området brukt av bruk oppe på Hella indre og dei var då hovudbruk. Då bnr. 17 først var sjølveigande i 1877 tilseier det at dei ikkje hadde nokon innverknad på rettstilhøva ved Skutehamna i 1854.

Partane på Dalland og Helland la ned denne sams

Påstand :

1. Etter rettsforlik av 15/6-1854 tildeler og merkar jordskifteretten av 17 nausttufter til dei oppsitjarane som har slike rettar på gnr. 37, Dalland og gnr. 38, Helland. Tomtane skal vera bruksrett.

Dessutan skal dei same bruk ha bruksrett til turvande gangveg parallelt med strandlinja og båtoppdrag og båtfeste fram for nausta sine.

2. I den utstrekning der ikkje måtte vera tilstrekkeleg plass til naust i Skutehamna, skal der merkast av og tildelast nausttufter med tillegg av dei under 1 nemnde rettar på den nordlege del av Skjenet.
3. Forlik i sak A nr. 4/1974 og A' 68/1964 av 21/4-1975 ved Nordhordlands heradsrett er ugyldig og vert å oppheva.

Eigarane på gnr. 33, Hella indre har halde fram at området ved Skutehamna har vore nytta av bygdefolk og andre i mange hundrad år og det er ei utsøkt god hamn og her har frå gamalt av vore ein av dei store konsentrasjonar av naust, frå eldre tider, i heile Radøy herad, men då sjøen var mindre nytta og jorda på Helland og Dalland vart sterkare utnytta fall mange av nausta ned og desse stod størstedelen på nordaustsida av bukta og det er denne sida me trur vert nemnd som Skutehamna.

Frå eldre tider var det ikkje tvist om desse nausttomtane og forliket i 1854 galde ikkje frå først av naustgrunnane, men rettssaka galde eigedomssetten til heile Skjenet.

Forliket slår likevel fast kvar desse nausttomtene skal vera. Dei skal vera på området på nordaustsida av Skutehamna og dei tomtar som ikkje er plass til der, kan plasserast på sørsida av Skutehamna. Ved rettsforliket av 1854 er gnr.

33, bnr. 17, Ormberget ikkje med som part, dette syner at då hadde ikkje Ormberget noko å gjera ned for Nåvene, området tilhøyrde difor hovudbruken på Hella indre og Ormberget var då berre ein husmannsplass. Eigaren på Hella indre påstår difor at jordskifteretten må fastlegga grensene mellom bnr. 17 og sameiga for gnr. 33, bnr. 1-5 og 8-16. Denne sameiga ligg sørvest for Nåvene og går like ned til Skutehamna, sørover til steingarden frå Gardnaustet og nordvestover til kross i fjell (xv) som er ca. ved grenselinje 26 frå utskiftinga på Hella indre.

Dette området ned for Nåvene er full eide dom for dei framan-for nemnde bruk og har vore brukt som slåttemark for nokre av bruken oppe på Hella indre fram imot århundradskiftet, men då slåtten var av liten verdi fekk eigaren på Ormberget nytt slåtten etter den tid.

Ormberget var ikkje med på utskiftinga av Hella innmark, for bruket var godt arondert. Det er heller ikkje skylddeling for bnr. 17, men i eit bygselbrev av 1868 er nemnd at det skal vera 3 hus på Ormberget, men i opprekninga er ikkje noko naust med og dette tilseier at Ormberget ikkje har hatt noko å gjera ved sjøen i Skutehamna.

I skøyte av 1877 er heller ikkje noko nemnd om at bruket har rettar i Skutehamna. Derimot står det i utskiftinga at Sjur Karlsen set opp gjerde mellom eiga innmark og utmark og difor skal han også halda gjerde langs Nåvene der for det var nettopp utmarksgjerde.

Etter den storleik som er oppgjeven for Ormberget på den tid kan området ned for Nåvene ikkje høyra med til Ormberget for då vert arealet alt for stort. I utskiftinga er Ormberget avgrensa med 25. - og 26. linje, men det står ingen stad i utskiftinga at 26. linje skal gå til sjøen, krossen (xv) ved sjøen høyrer til i skylddelinga for bnr. 45, så dette er ikkje noko prov for at bnr. 17 går til sjøen. Derimot er det i utskiftinga direkte sagt at det skal vera gjerdeplikt på Nåvæna og det tilseier at det også er ei eideomsgrense.

I rettsforliket av 29. april 1975 gjjer partane på Dalland og Helland forlik med eigaren av bnr. 17 og bnr. 68 på Hella indre om nausttilhøva og eigedomstilhøva i Skutehamna og på Skjenet, denne rettssaka kjenner eigarane på Hella indre ikkje til før dette jordskiftekraav vert reist og kunne difor ikkje protestera mot semja før dei kjende til henne. Denne semja vedrører Hella indre sine eigedoms-i Skutehamna, då det i forliket av 1854 direkte er sagt at dei naust der ikkje er plass til på nordaustsida av Skutehamna skal kunne plasserast på sørsida av Skutehamna, og på sørsida har Hella indre eigedomsretten uomtvista.

Når forliket av 1975 tek lort store naustareal på nordaustsida av Skutehamna vil dette føra til at der kjem fleire naust på sørsida av Skutehamna. Hella indre burde difor ha vore part ved rettssaka i 1975 og dette ser ein på som so stor svikt i forliket at det må vera full grunn for jordskifteretten å ugilda forliket.

Dessutan er før sagt at Hella indre meinar dei har full eigedomsrett på nordaustsida av Skutehamna, med undantak av at Helland og Dalland har bruksrett til nausttomtar der. Ein annan ting er at Hella indre godkjenner at bnr. 17 har bruksrett til bua si (nr. 11) og at bnr. 68 får rett til å ha naustet sitt ståande og tilslutt vedgår vi at gnr. 33, bnr. 20 har rett å ha bua si (nr. 10) ståande, alt dette som bruksrettar.

Etter dette legg partane på Hella indre ned denne sams

Påstand :

1. Eigarane på gnr. 33, bnr. 1-5 og 8-16 har eigedomsretten til området "Skutehavnen", austre sida.
2. Grensene mellom dette område og gnr. 33, bnr. 17 føl "Nåvene".
3. Forlik i sak A nr. 4/1974 og A 68/1964 av 2/4-1975 ved Nordhordlands heradsrett er ugyldig og vert å oppheva.

4. Jordskifteretten legg det som er fastsett i rettsforlik av 15/6-1854 til grunn ved fordelinga av nausttomtar til dei 17 bruksrettshavarane på eigedomane Helland og Dalland.
5. Johannes Berg Sjursen (eigar av gnr. 33, bnr. 17) skal ha rett å ha ståande bua si i Skutehamna som hittil.
6. Karl Herlof og Inga Sjursen skal ha rett til å ha sitt naust stående i Skutehamna som hittil.
7. Annanias Hella, eigar av gnr. 33, bnr. 18 skal ha rett å ha si bu stående i Skutehamna som hittil.

Eigaren av gnr. 33, bnr. 17, Johannes Berg Sjursen har halde fram at desse dokument syner kven som har eigedomsretten til området frå Nåvene sørvestover til Skutehamna.

- A. Under- og overutskiftinga på Hella innmark.
- B. Skyldelinga for gnr. 33, bnr. 18.
- C. Rettsforliket av 1854.
- D. Rettsforliket av 1975.
- E. Gjerdeskjøn av 25/10-1900.
- F. Utskiftingskartet for Hella innmark av 1887.

Bnr. 17 har i utskiftinga og overutskiftinga på Hella indre fått to grenser som er greidt skrivne for bnr. 17, dette er grense 25 og grense 26 og grense 26 er skriven like til sjøen. Det går også greidt fram av utskiftingskartet at bnr. 17 går til sjøen for på den andre siden går steingarden til sjøen. Der er ikkje noko prov for at Nåvene skal vera eigedomsgrense om der kan setjast opp ein vågård der.

At grense 26 går til sjøen er eit godt prov for at bnr. 17 eig like til strandlinia i Skutehamna. Det går også klårt fram av utskiftinga at bnr. 17 eig sør aust for 26. skifte-linje. Sjøen vert difor den 3. grense for bnr. 17 i ut-skiftinga. Den 4. grenselina er skriven i skylddelinga for bnr. 18 der det står at linja går derfrå i aust til bøgjerdet der merkesgjerdet føl Sjur Karlsens bruk og plassen Nordre Skjenet. I lensmannsskjønet av 1900 går det også klårt fram at grensa mellom bnr. 17 og 18 går frå sjøen til Nåvena.

Rettsforliket av 1975 tilseier også at partane på Helland og Dalland også meinar at stranda tilhøyrer bnr. 17.

Rettsforliket av 1854 seier at der er nausttomtar for Helland og Dalland i Skutehamna, men forliket seier ikkje kvar desse nausttomtane ligg. Forliket av 1854 er ikkje underteikna av dåverande leiglending på bnr. 17 og forliket av 1854 kan difor ikkje vera bindande for gnr. 33, bnr. 17 og partane på Dalland og Halland har ikkje ført nok prov for sin påstand om at dei har naustrettar på bnr. 17 si strand og parten hans har aldri sett naust der.

Området frå Nåvena til sjøen har alltid vore brukt av bnr. 17, dei har sett opp bu og naust der som har synt at området er brukt av eigaren av bnr. 17 og slåtten av også synlege ting. Eigaren av bnr. 17 har alltid meint å eiga området og det har ikkje vore påtala korkje frå Helland - Dalland eller Hella indre.

Alle hevdsgrunnar er såleis også tilstades og om jordskifte-retten kjem til at bnr. 17 etter dokumenta ikkje eig tvisteområdet, så må likevel eigedomssretten tilhøyra bnr. 17 som har vunne hevd på området.

Når stranda såleis tilhøyrer bnr. 17 er forliket av 1854 ikkje bindande for bnr. 17. Men forliket av 1975 er bindande for eigaren av bnr. 17 og for partane på Dalland-Helland, men kvar part på Helland-Dalland må før dei fører opp naust på dei 40 m av stranda som forliket gjeld føra prov for at dei har naustrett der. Dette må gjerast i eiga sak før jordskifteretten tar stilling til utdeling av tomtane.

I alle høve er forliket av 1975 bindande for partane og kan ikkje opphevest av jordskifteretten. Om partane på Dalland-Helland meiner dei har tapt naustrettar på nordaustre strand i Skutehamna ved forliket av 1975 tilseier ikkje dette at dei skal ha desse att på sørsida i Skutehamna, altså på Skjenet.

Han meinar dessutan at forliket av 1854 ikkje tilseier at det skal vera nausttomtar på nordaustsida av Skutehamna. Forliket tilseier at det er på sørsida i Skutehamna desse nausttomtane skal vera og er ikkje der plass kan dei gå på vestsida, altså sida mot fjorden.

Eigaren av bnr. 17 la ned denne

Påstand :

1. Gnr. 33, bnr. 17 i Radøy er avgrensa og har full eige-domsrett til området mellom 26. - og 25. skifteline - steingarden mot bnr. 18 og Skutehamna.

2. Rettsforlik av 1854 og 1975 må leggast til grunn:

a. Vedkommande Helland og Dalland.

Det føreligg ikkje prov for at forliket er inngått under brostne førutsetningar eller andre tilhøve og etter som bnr. 17 er eigar av grunnen er forliket bindande.

b. Vedkommande Hella indre.

Gnr. 33 får ikkje innskrenka sin rett ved forliket av 1975 og kan såleis korkje reelt eller formelt få heva forliket då Helland og Dalland sine oppsitjarar friviljugt har innskrenka sin rett i høve til forliket av 1854, noko som ikkje kan koma gnr. 33, Hella indre tilskade, då grunnen på Skjenet ikkje kan utnyttast før området Skutehamna er fullt utnytta etter forliket av 1854.

Under føresetnad av at retten kjem til at forliket av 1975 kan opphevast legg han ned denne

Subsidære påstand:

Forliket av 1854 vert å oppheva, då leiglendingen som leigar av strandområdet ikkje var part ved forliket.

Atter subsidær påstand:

Området ved Skutehamna slik det er skrive i forliket av 1854 omfattar ikkje eigedomen tilhøyrande bnr. 17.

Atter subsidær påstand:

Eigaren av bnr. 17 har hevda seg rett til sine naustrettar i Skutehamna.

Retten skal få merka:

Det området der desse tvistane ligg er på nordaustsida og sørsida av Skutehamna. Dette er ei svært god hamn som truleg har vore nytta som hamn før historisk tid.

Hamna ligg rett i hovudleia ved kysten og er djup nok til skuter og båtar av ikkje heilt små storleikar. Aktiviteten i denne hamna har truleg gått langt attende i tida, men aktiviteten har teke av ein del kring århundradskiftet og naust som då stod der har forfalle slik at i dag står der berre 2 naust att som hittil har vore brukte på gardane Helland og Dalland.

Men partane på Dalland og Helland har synt 9 nausttomtar som partane kan fortelja har vore brukte på Helland og Dalland. Gardane Helland og Dalland ligg 2-3 km borte frå dette naustområdet, då dei er innlandsgardar på Radøy.

Jordskifteretten vil her gjera merksam på at bruken og aktiviteten i dette naustområde må sjåast på frå den tid då det ikkje var vegnett på Radøya. Sjøen måtte nyttast til størstedelen av all transport og til og med når dei skulle til byen for å handla. Då forliket av 1854 vart inngått var tilhøva slik som ovanfor skrivne og dessutan er det kome fram at i rettssaka i 1854 var torvtak av brenntorv som skulle nyttast ved fiske på Fedje ein viktig del i saka.

Saka i 1854 enda med eit rettsforlik der 17 bruk på Dalland og Helland får rett å oppføre naust i den såkalla Skutehamna. Dette går fram av dok. 2 i saka. Retten er komen til at dette rettsforliket fastslår at oppsitjarane på Dalland og Helland har bruksrett til nausttufter på nordaustsida av Skutehamna mellom området nausttomt nr. 1 og kross i fjell XV på no utarbeidd kart over Skutehamna.

Jordskifteretten meinar også at når det ikkje er plass til fleire naust på den sida har partane på Dalland og Helland rett å føra opp naust på sørsida av Skutehamna mellom nausttomt 13 og sjøbu 14 på det no framlagde kart av Skutehamna.

Dette meinar jordskifteretten går klårt fram av det som er skrive i forliket av 1854. No vert det påstått av eigaren av bnr. 17 at det berre var sørsida av Skutehamna som var meint at Helland-Dalland fekk rett å oppføra naust på, resten skulle oppførast mot fjordsida.

At ein ikkje kan legga vekt på dette syner den bruk og aktivitet som har vore utførd av Helland- Dalland på nordaustsida av Skutehamna, for etter partsforklaringane har det stått i alle høve 9 naust frå Helland-Dalland på denne nordaustsida. I dag står 2 heilt brukande naust der.

Dessutan er det 3 heilt synlege naustgrunnar og elles er det råd til å sjå at det har vore naust på dei andre grunnane også. Terrenget tilseier også at det var naturleg i 1854 at naust kunne byggjast der, då det ikkje trøngs skyting til og stein var der nok av til naustgrunnar.

På sørsida av Skutehamna var der i 1854 kanskje berre plass til 3-4 naust, då vika her er grunn inst inne og stranda er mykje fjell-lendt. At eigaren av bnr. 17 ved si partsforklaring meinar at det i det heile teke ikkje har vore naust på nordaustsida av Skutehamna kan ikkje retten finna grunnlag for.

Denne tolkinga av forliket frå 1854 vil retten byggja si avgjerd på og at retten er ein alltid varande bruksrett vil også verta lagt til grunn. Forliket av 1854 er tinglyst og førd i grunnboka for dei fleste bruk som det vedkjem og då det er ein tinglyst rett pliktar dei å kjenna til han.

No har bnr. 17 ei bu ståande, bu nr. 11 på kartet, bruksretten til denne bua er det ikkje tvist om, då Dalland - Helland og Hella indre godtek denne bruksrett for bnr. 17. Jordskifteretten skal likevel gjera merksam på at han legg til grunn at bnr. 17 også då det var husmannsplass trøng ein tilhaldsstad ved sjøen i Skutehamna, og om der etter bygselbrev av 1868 for Ormberget ikkje er nemnd naust mellom dei hus som stod på bruket, har likevel bnr. 17 då truleg hatt bryggje, båtlending og liggeplass for båt.

Dette har truleg vore der bua til bnr. 17 i dag står. Dette kan nettopp vera ein av grunnane for at leiglendingen på bnr. 17 ikkje skreiv under på semja av 1854, då bnr. 17 ikkje skulle flytta bort frå Skutehamna, men underforstått framleis vera der med sin tilknytning til sjøen. På nordvestsida av bu nr. 11 har partane på Dalland og Helland forklart at der langt tilbake i tida sto eit naust som vart kalla Bustovnaustet og tilhørde gnr. 37, bnr. 4 og 5. På denne staden har eigaren av bnr. 37 arbeidt seg ut ei slags kombinert bryggje og oppdragsplass til bua si som i dag er nytta til naust med inndrag frå nordvest. Denne utbyggjinga har aldri vore protestert på og den store aktivitet bnr. 17 her har utøvd ekskluderar såleis den bruksrett som Helland - Dalland her hadde.

Området frå Bustovnaustet nr. 12 og nordvestover til kross i fjell XV er ikkje brukande som nausttomt etter tilhøva i 1854 og dette området tilhører difor grunn eigaren som seinare vert fastlagd i saka. Bua til bnr. 17 har tidlegare vore noko større enn i dag og grunn muren står her framleis, desse har stått upåtala i svært lang tid og passiviteten frå dei som hadde bruksrett til naust her må få innverknad på noværande eigedomstilhøve. Hevdsgrunnlag er også tilstades her og retten vil legga buagrunnane til grunn ved avgjerdha.

Eigaren av gnr. 33, bnr. 20 har ei mindre sjøbu ståande, på kartet avmerkt som nr. 10. Denne bua har stått der i uminnelege tider og alltid vore nytta av bnr. 20, i tillegg til bua har bnr. 20 brukt opplagsplassen nordvest for bua og brukta liggeplass for båt der. Dette er berre påtala frå eigaren av bnr. 17 i seinare tid og dette kan difor ikkje få rettsverknad.

Tileigning ved alders bruk og hevd er såleis fullt ut tilstades, men tileigninga er truleg gjord ved avtaler i gamal tid.

Det jordskifteretten hittil har sagt vedkjem semja av 1854, men eigaren av gnr. 35, bnr. 17 påstår at semja av 1854 ikkje kan leggjast til grunn ved jordskiftesaka, då eigaren av bnr. 17 eller rettare sagt leiglendingen ikkje har skrive under semja og det var han som var den som reelt disponerte området der, frå Nåvene til sjøen. Her påstår han at bnr. 17 har full eigedomsrett.

Med omsyn til at bnr. 17 påstår full eigedomsrett for området frå Nåvene sørvestover til Skutehamna har partane på Hella indre forklart at i førre århundrad var dette området slege av 4 bruk frå Hella.

Dette er truleg dei bruk som bnr. 17 har gått ut ifrå, men då bnr. 17 ikkje er særskilt skylddelt er dette ikkje råd til å dokumentera. Denne bruken var slik at dei ymse bruk slo kvar sitt år, eller med andre ord det som på den tid vart kalla årebyte. Denne bruken er ikkje motsagt, men det er og nokså sikkert at bruken, eller rettare sagt slåtten, frå den tid vart utøvd av eigaren av bnr. 17. Altså på denne tid har det føregått ei bruksendring og eigaren av bnr. 17 har såleis vorte eine brukar av tvisteområdet med omsyn til slåtten. Ein må her gjera merksam på at bruken av strandlinia var utøvd av eigarar på Dalland og Helland og dette har retten tidlegare gjort merksamt på og bnr. 17 hadde då truleg ein gamal bruksrett for sjøbruket sitt der han i dag har bua si, nr. 11 på kartet.

Den bruksendring ein her har nemnd kan partane ikkje klårt seia kva tid ho har føregått, men retten finn at denne bruksendring har føregått ca på den tid då eigaren av bnr. 17 fekk første skøyte på bruket sitt, og det var i 1877. Denne bruksendring legg retten stor vekt på fordi tvisteområdet truleg har vore eigd og nytta av hovedbruk oppe på Hella indre like fram til bnr. 17 vart sjølveigande, og dette tyder på at frå den tid overtok eigaren av bnr. 17 tvisteområdet til full eigedom.

Ein skal her også vera klår over at før den tid var bnr. 17 truleg eit leiglendingsbruk, for bnr. 17 har fått skyld så tidleg som i matrikkelkommisjonen i 1826. Det er vanleg å sjå på bruk som er særskilt matrikulerte som leiglendingsbruk og ikkje som husmannsplassar. Dette har noko med den rettslege disposisjonsrett for bruket å gjera, då ein til vanleg reknar at ein leiglending på den tid disponerte bruket på rettsleg basis omlag som ein bonde gjer i dag.

Ein skal her skyta inn at nettopp dette er nytta som argument frå eigaren av bnr. 17 for at semja av 1854 ikkje skal vera gjeldande for dette bruk, då leiglendingen på bnr. 17, ikkje har skrive under forliket.

Retten er her komne til at eigaren av bnr. 17 då ikkje hadde eigedomsrett til tvisteområdet, men fekk eigedomsretten først ved skøyte for bnr. 17, tinglest 22. desember 1877. Denne skøyta hjelper oss/til å avgjera om bnr. 17 har eigedomsretten til tvisteområdet.

I ein festesetel av 22/10-1830 for Ormberget er nytta uttrykket "Innengjerdes Plads". Dette tyder på at bnr. 17 er ein plass som er teken av innmarka då det på den tid var vanleg at det berre var eit gjerde på gardane og det var gjerde mellom innmarka og utmarka for alle bruk ilag og uttrykket innengjerds var difor eit greidt rettsleg begrep på den tid. Dette tilseier at der ikkje har vore full sameige for alle på Hella indre innan tvisteområdet.

Ved under- og overutskiftinga på Hella indre ca 1890 var bnr. 17 ikkje med som part, men som tilstøytande granne. Grensa mot nordvest og nordaust for bnr. 17 er her skrivne som 25. - og 26. linje. 26. linje går til sjøen i Skutehamna. Dette tilseier at bnr. 17 då har eigedomsretten like til sjøen ca. ved kross i fjell XV. Men då bnr. 17 ikkje var direkte part ved utskiftingane, er området eller bruksrettane ved stranda mot Skutehamna ikkje nemnde i utskiftingane. På utskiftingkartet av 1887 er difor bnr. 17 eit kvit+ felt som syner greidt at bnr. 17 i realitetten ikkje var part ved utskiftinga.

Den 11. mai 1891 vart bnr. 18 skylddelt, dette bruk ligg på sørsida av tvisteområdet og her er tvisteområdet såleis tilstøyande part. I denne skylddelinga står det skriven slik:  
--- "4<sup>de</sup> Linje derfra i Øst til Bøgjerdet: hvor Merkes...".

Jordet følges mellom Sjur Karlsens Brug og Pladsen nordre "Skjenet" 84 m ---".

Denne skylddeling er skriven 14 år etter at bnr. 17 vart sjølveigande bruk og jordskifteretten meiner at då var eigedomstilhøva så avklara at det som er førd i skylddelinga for bnr. 18 må få avgjerande verknad i tvisispørsmål, for linje 4 er nettopp området over Pollen, og etter steingarden opp til Nåvene, og her står det direkte i skylddelinga at tvisteområdet tilhøyrer bnr. 17. Den steingard vi her nemner er i samsvar med semja av 1854 oppførd i ca. 1816.

Den 25/10-1900 var der eit gjerdeskjøn mellom bnr. 17 og 18 og dette gjerdeskjønet galdt strekninga fra Pollen til Nåvene, der den ovannemnde steingard er. Partane i skjønet er eigarane av bnr. 17 og 18. Dette tilseier også at bnr. 17 må hava eigedomsretten til tvisteområdet.

Etter dette er jordskifteretten kome til at tvisteområdet mellom Nåvena og Skutehamna er eigd av eigaren av bnr. 17, men som før grunngjeve har eigarane på Dalland og Helland her ein alltidvarande bruksrett til oppføring av naust ved stranda i Skutehamna. Ein skal i det høve merka seg at retten meinat at i 1854 då forliket var inngått ved nausta, var bnr. 17 ikkje eigar av tvisteområdet, men vart dette først i 1877. Dei bruksrettar som låg på tvisteområdet i 1877 måtte då sjølv sagt stå ved lag, då dei var eigde av bruk på Dalland og Helland.

Som før nemnt var det i 1975 inngått eit rettsforlik mellom partane på Dalland og Helland på den eine sida og eigaren av gnr. 33, bnr. 17 på andre sida. Dette forliket krev no partane på Hella indre og partane frå Dalland - Helland skal verta oppheva og såleis ikkje få innverknad ved delingsgrunnlaget ved denne jordskiftesak.

Forliket gjekk ut på at partane frå Dalland og Helland skulle ha rett å føra opp naust på eit ca 40 m langt område på nordaustsida i Skutehamna frå steingarden og nordvestover. Dette området er avmerka på det no utarbeidde jordskiftekart for Skutehamna.

Partane frå Helland og Dalland meinte frå først av at forliket var iorden og ymse partar ville taka til å byggja naust der, då protesterte straks eigaren av bnr. 17 på dette. Desse protestane vedvarde like fram til jordskiftesaka vart reist og dei er å lesa seg til i dokument nr. 34-39 i denne sak. Det ser ut til at forliket er så uklårt at det ikkje er brukande for eigarane på Helland og Dalland. Dei meiner difor at føresetnadene ved forliket er brotne og forliket må difor ugildast.

No skal retten få gjera merksam på at eigaren av gnr. 38 bnr. 2, Sverre og Annbjørg Myrtveit har tinglyst på sitt bruk at dei har og hadde rett til naust i Skutehamna til liks med dei andre bruk på Dalland og Helland. Desse var ikkje med på å inngå rettsforliket i 1975, enda Annbjørg Myrtveit var tilstades under rettsforhandlingane og då truleg gjorde merksam på at gnr. 38, bnr. 2 hadde naustrett i Skutehamna.

Dette finn jordskifteretten er ein så stor mangel eller feil ved semja av 1975 at berre dette må vera nok til at rettsforliket av 1975 ikkje kan leggast til grunn som delingsgrunnlag ved denne jordskiftesak. Dessutan har gnr. 38, bnr. 2 i denne sak synt grunnmurane for naustet som dette bruk har og det er naustgrunn nr. 1, det såkalla Gardnaustet. Sverre Myrtveit har og forklart at ein som er oppvachsen på bnr. 17 kan hugsa då taket datt ned på naustet.

Dette naustet ligg nettopp innanfor dei 40 m som vart disponert for dei andre partane på Dalland og Helland ved forliket i 1975. Dette må også vera ein stor feil ved semja av 1975.

No har også partane frå Hella indre påstått at rettsforliket av 1975 må verta ugilda som delingsgrunnlag ved jordskifte-saka. Dei seier at dei ikkje kjende til dette forlik før denne jordskiftesak kom opp til handsaming og protesterte mot forliket så snart dei fekk rettsleg høve til det. Forliket av 1854 tilseier, etter retten si meining at når det ikkje er plass til fleire naust på nord-austsida av Skutehamna skal resten av nausta kunne plasserast på sørsida av Skutehamna.

Hella indre har difor rettsleg interesse av å få ferrast mogeleg naust på sørsida. Dette tilseier at forliket av 1975 har direkte interesse for Hella indre og då dei ikkje var partar ved forliket må det no ugildast, då Hella indre er grunneigar for heile nordre Skjenetangen der nausta eventuelt må plasserast. At Hella indre er grunneigar for nordre Skjenetangen er der ikkje tvist om.

Når det gjeld retningar som er skrivne i forliket av 1854 er desse ikkje i samsvar med den rette nord - sør retning i dag, men dette legg ikkje retten noko vekt på då det ofte i eldre dokument førekjem at retningane kan vera mykje feil ved. Jordskifteretten har tolka forliket av 1854 ut frå det som er sannsynleg etter terrenget og vertilhøva på staden. Retten finn ikkje å kunne legga til grunn at senja av 1854 tilseier at alle naust som er nemnde der skal ligga på sørsida av Skutehamna og dei det ikkje er plass til der skal ligga på vestsida d.v.s på sida mot fjorden.

Dette siste er nemleg argument som eigaren av bnr. 17 meinar bør få avgjerande verknad, men som sagt dette kan ikkje retten finna nokon grunnlag for. Dessutan talar dei gamle naust og naustgruimar på nordaustsida av Skutehamna sitt eige tydelege språk om kva som er meint i semja av 1854.

Ein annan ting er at eigaren av bnr. 17 meinar at semja av 1975 i alle høve skal gjelda for Helland og Dalland sitt ved-komande og om dei har tapt terreng ved semja skal dette ikkje gå ut over Hella indre, men Dalland- Helland må då berre inn-skrenka sine bruksrettar.

Med omsyn til dette siste finn jordskifteretten at der er så store manglar ved forliket av 1975, at ein må til å særhandsama t.d. gnr. 38, bnr. 2 som ikkje har skrive under semja er uråd å gjennomføra i praksis.

Eigaren av bnr. 17 har også påstått at semja av 1854 ikkje kan gjelda for bnr. 17, då leiglendingen på bnr. 17 ikkje skreiv under semja av 1854. Dette har retten før gjort greie for at det kjem av at bnr. 17 då ikkje disponerte området på nordaustsida av Skutehamna.

I samband med naustrettane er det heilt naturleg at det føl vegrett med, og for dette finn ein synleg prov i marka ved grinda i steingarden mot bnr. 18, som er ca. 37 m aust for hjørna av naust nr. 1.

Retten vil legga til grunn at der er gongeveg til nausta frå den nemnde grind og på øvre sida av alle naust. Den her nemnde veg har ikkje hatt annan funksjon enn framkomst til nausta på nordaustsida av Skutehamna. Dette er også eit prov for at nausta har vore her då steingarden vart oppførd ca 1816.

At der er 17 bruk eller der skal vera 17 nausttufter frå Dalland- Helland som har bruksrett til slike i Skutehamna er det ingen som har protestert på og jordskifteretten vil leggja dette til grunn ved denne jordskiftesaka.

Etter dette er jordskifteretten samrøystes komen til denne

Slutting :

1. Gnr. 33 bnr. 17 Hella indre har eigedomsrett til området frå Nåvena ned til Skutehamna mellom 26. linje frå innmarksutskiftinga på Hella indre søraustover til steingarden frå naust nr. 1 austover til Nåvene.

Innan dette området har eigarar frå gnr. 37, Dalland og gnr. 38, Helland alltid-varande bruksrett til naust med tilliggende båtstø, oppdrag og liggeplass for båt. Dette området er avgrensa ved ei bruksrettsgrense som tek til i

steingarden og går gjennom nordre hjørne av Gardnaustet, nr. 1 på jordskiftekartet, herfrå nordvestover ca 10 m til kross i fjell XVII, herfrå omlag same retning ca 24 m til kross i fjell XVIII, herfrå nordvestover ca 26 m til eit punkt 2 m nordaust for nordre hjørna av naustet til gnr. 33, bnr. 68, herfrå nordvestover ca. 8,5 m til eit punkt som er 4,5 m nord for nordste hjørna til bua til gnr. 33 bnr. 20, herfrå går grensa sørvestover til eit punkt 0,5 m søraust for den gamle grunnmuren etter bua til gnr. 33, bnr. 17 og same retning ut i sjøen. Grensa er avlagd på kartet. Gnr. 33 bnr. 20 og gnr. 33 bnr. 68 har innan dette området også sine naustrettar.

Nordaust for den her skrivne grense har dei same bruk rett til gongeveg av 1,5 m breidd og vidare på nordsida av steingarden austover til den grind i steingarden som ligg ca. 37 m aust for hjørna på Gardnaustet.

2. Rettsforlik av 29/4-1975, mellom partane på Dalland-Helland og eigaren av gnr. 33, bnr. 17 vert ikkje å legga til grunn som delingsgrunnlag ved jordskiftesaka i Skutehamna.
3. Rettsforlik av 15/6-1854, mellom 17 eigarar frå Dalland-Helland og eigarane på gnr. 33, Hella indre vert å nytta ved delingsgrunnlaget under jordskiftesaka for Skutehamna.
4. Gnr. 33, bnr. 20 har alltidvarande bruksrett til sjøbua si, nr. 10 på kartet, og opplagsplass ved bua med lendings- og båtfesteplass i samband med utnytting av sjøbua.
5. Dei av dei 17 naust som der ikkje er plass til på det ovan- nemnde naustområde på nordaustsida av Skutehamna kan plas- serast på sameigestedykket til gnr. 33, Hella indre på nordre Skjenetangen.

Etter jordskifteretten sitt skjøn er verdet av tvisteemnet for kvart einskilt punkt i sluttinga over kr. 500,-.

Jordskifteretten gjorde vedtak om å setja den framanfor skrivne orskurd til førehands påanke frå i dag av den 12. oktober 1978, i samsvar med § 60 2. ledd i jordskiftelova.

Dette møtet kostar :

..... Sum kr. 549,20  
som førebels vart betalt av eigaren av gnr. 37, bnr.2,  
Hans E. Dalland med kr. 549,20.

Saka vart kunngjord den 12. oktober 1978 i rettslokalet etter at dette vart gjord kjend for partane føreåt, og desse var tilstades ved opplesinga.

Asbjørn Grindheim, Anton Berge, John K. Helland, Geir Atle Dalland, Jan Malvin Soltveit, Nils Vestrheim, Meinert Helland, Magnus Dalland, Sverre Myrtveit, Georg Helland, Annanias Hella, Bertin Hella, Trygve Hella, Oddmund Hella, Herleif Pletten, Andreas Dalland, Nils Solbakken, Hans E. Dalland, Sven Hermansen, Einar A. Dalland, Fredrik Bøe, Olaf Dalland, Martin J. Hella, Martin M. Hella, Jarle Helland og Trygve Helland.

Etter tilspurnad frå rettsformannen kom der ingen merknad til leidinga av retten eller førингa av rettsboka.

Rettsformannen gjorde greie for ankereglane.

Retten heva.

Manger i Radøy den 12. oktober 1978.


Sverre Aardal

(s)

Sigurd Nepstad (s)

Jakob N. Fosse (s)

Rett utskrift :





**Utdrag av  
Rettssokn**  
for

NORD- OG  
MIDHORDLAND JORDSKIFTERETT

ang. naustsak for gnr.33,Hella indre,  
gnr.37, Dalland og gnr.38 Helland, alle i Radøy herad,  
slutta den 2.desember 1986.

År 1986 den 27. august vart jordskifterett attet sett i heradshuset på Manger.

Rettsformann: Kst. jordskiftedommar Arnold Skarseth.

Jordskiftemeddommarar: 1. Sigurd Nepstad, 5100 Isdalstø.  
2. Jakob N. Fosse, 5102 Alversund.

Protokollførar: Jordskifteteknikar Einar Hauge.

Sak nr. 7/75 Y og 4/77 Y - utsett etter rettsmøte den 12. oktober 1978.

Partar:

Andreas Dalland, 5120 Manger, eigar av gnr. 37, bnr. 1, Dalland i Radøy herad.

Einar A. Dalland og

Eli Dalland, " " " " " 37, " 3.

Olaf L. Dalland, " " " " " 37, " 4.

Geir Atle Dalland, " " " " " 37, " 5.

Anders O. Dalland, " " " " " 37, " 6.

Lillian Solbakken, " " " " " 37, " 7.

Atle Mariussen, " " " " " 37, " 8.

Norvald Taule, Sætrefjellet 33, 5265 Ytre Arna, eigar av gnr. 37, " 9 og 11.

Julia Dalland, 5120 Manger, " " " 37, " 10.

Kirsten Dalland, " " " " " 37, " 15.

Svein Bøe, " " " " " 38, " 1,  
Helland i Radøy herad.

Sverre Myrtveit, 5120 Manger, " " " 38, " 2.

Jarle Helland, " " " " " 38, " 3.

Dorthea Taule, " " " " " 38, " 4.

Einar Helland, " " " " " 38, " 5 og 14.

Ingvard Helland, " " " " " 38, " 6.

Harald og

Hildur Haukås, " " " " " 38, " 7.

Herleif Pletten, " " " " " 38, " 8.

John K. Helland, " " " " " 38, " 9.

Trygve Helland, " " " " " 38, " 10.

Harry Helland, " " " " " 38, " 11.

Radøy kommune v/ ordførar Olav Marås,  
5120 Manger, eigar " " 38, " 12.

Kristian A. Helland, " " " " " 38, " 13.

Johannes Helland, " " " " " 38, " 15.

Mikal Helland, " " " " " 38, " 16.

Meinert Helland, " " " " " 38, " 18.

Prosessfullmektig for gnr. 37, Dalland og gnr. 38, Helland:  
H.r.adv. Gunnar Torvund, Bryggen 8, 5000 Bergen.

a Asbjørn Grindheim, 5120 Manger, eigar av gnr. 33, bnr. 1,  
Hella indre i Radøy kommune.

a Tore B. Morland, 5120 Manger, " " " 33, " 2.

a Anton Berge, " " " " " 33, " 3.

a Oddmund og

a Else Hella, " " " " " 33, " 4 og 6.

a Kirsten og

a Nils Vestreheim, " " " " " 33, " 5.

a Jon Drangevåg, Nebbestølen 78, 5033 Fyllingsdalen,  
eigar av gnr. 33, " 7.

a Kirsten Helle, Hopsåsen 32, 5050 Nesttun,  
eigar av " 33, " 8.

a	Borghild Gundersen Hella, 5120 Manger,	eigar av gnr.	33,	bnr.	9.
a	Bjarne Helle, 5100 Isdalstø,	" " "	33,	"	10.
a	Olav A. Helle, 5120 Manger,	" " "	33,	"	11.
a	Jan Soltveit,	" " "	33,	"	12.
a	Bjarne Sture,	" " "	33,	"	13.
a	Johannes T. Hella,	" " "	33,	"	14.
a	Bertin Helle,	" " "	33,	"	15.
a	Trygve Hella,	" " "	33,	"	16.
a	Asmund Hella,	" " "	33,	"	18 og 20.
a	Birger Nottveit,	" " "	33,	"	59.
	Karl Sjursen, Salhusveien 160, 5086 Salhus,	eigar av	"	33,	"
	Karl Sjursen, Håkonsgt. 15, 5000 Bergen,	eigar "	"	33,	"
					17.

## Saka gield:

Framhald av jordskifte av nausttomter eigarar på gnr. 37, Dalland og gnr. 38, Helland har på gnr. 33, Hella indre i Radøy herad.

Saka er kravd av Hans E. Dalland.

## Til stades:

Andreas Dalland, Kirsten Dalland v/ Hans E. Dalland, Einar A. Dallad, Geir Atle Dalland, Anders O. Dalland, Atle Mariussen v/ Anne Mariussen, Julia Dalland, Sverre Myrtveit, Jarle Helland, Harald Haukås, Herleif Pletten, John K. Helland, Harry Helland, Radøy kom. v/ Einar Borgund, Meinert Helland v/ John K. Helland, prosessfullmektig h.r. adv. Torvund, Asbjørn Grindheim, Tore B. Morland v/ Martin M. Hella, Oddmund Hella, Johannes T. Hella, Asmund Hella og Karl Sjursen ( bnr.17 ).

Desse var lovleg varsla, men møtte ikkje:

Eli Dalland, Olaf L. Dalland, Lillian Solbakken, Norvald Taule, Svein Bøe, Dorthea Taule, Einar Helland, Ingvard Helland, Trygve Helland, Kristian A. Helland, Johannes Helland, Mikal Helland, Anton Berge, Kirsten og Nils Vestreheim, Jon Drangevåg, Kirsten Helle, Borghild Gundersen Hella, Bjarne Hella, Olav A. Hella, Jan Soltveit, Bjarne Sture, Bertin Helle, Trygve Hella, Birger Nottveit og Karl Sjursen. ( bnr.68 ).

Rettsformannen leste opp §§ 106 - 108 i domstollova, men på førespurnad kom det ingen innvendingar mot retten si samansetjing og retten sa seg gild i saka.

Framlagt i saka vart:

- 64. - 92. Dokumenta i lagmannsrettssaka.
  - 93. Semje, dat. 13. april 1985 mellom partane i saka.
  - 94. Kjennelse, dat. 18. juni 1985 frå Gulatings lagmannsrett.
  - 95. Brev, dat. 28. august 1985 frå h.r. adv. Gunnar Torvund.
  - 96. Innkalling, dat. 4. juli 1986, til rettsmøtet i dag,  
vedhefta kvittering for rek.brev til partane av 4. juli  
1986.
  - 97. Løyve, dat. 26. aug. 1986 frå fylkesjordeskiftesjef Erling  
Rolland til kst. jordeskiftedommar Skarseth til å handsama  
saka.
  - 98. Fullmakt, dat. 24. juni 1985, frå Kirsten Dalland til Hans  
E. Dalland.
  - 99. Fullmakt, dat. 28.8.86 frå Atle Mariussen til Anne  
Mariussen.

100. Fullmakt, dat. 26.8.86 fra Meinert Helland til John K. Helland.
101. Fullmakt, dat. 27.8.86 fra Tore Morland til Martin M. Hella.
102. Brev, dat. 11.6.86 fra Hans E. Dalland til jordskifte- retten.

Dei framlagde dokument vart opplesne så langt partane fann det turvande.

Partane fekk no ordet.

Prosessfullmektig for gnr. 37 og 38 - Dalland og Helland - h.r.adv. Gunnar Torvund sa at han ikkje hadde vore med på tidlegare møte i jordskifteretten. Han kom inn i saka då det vart anka til lagmannsrett. Han sa at etter mykje om og men kom partane fram til ei semje. Denne semja erstattar pkt. 2 i jordskifterettsdommen. Pkt. 1 i dommen er bruksrettsgrensa for det området Dalland - Helland har på Hella indre. Han sa at det var pkt. 3 i semja som jordskifteretten no skulle setja ut i livet. Først skal det leggjast ut nausttomter på nordsida av Skutehamna. Her meinte han det kunne vera plass til ca 12 - 13 tomter. resten, 4 - 5 tomter måtte då leggjast ut på det sams området på Hella indre på Skjenetangen. Desse nausta må plasserast der det er brukbare tilhøve for naust. Han syntet i denne samanheng til forliket av 1854 som seier at det kan leggjast naust til Dalland - Helland på Skjenetangen.

Eigaren av gnr. 37, bnr. 1, Andreas Dalland, heldt seg til det adv. Torvund hadde sagt.

Tidlegare eigar av gnr. 37, bnr. 2, Hans E. Dalland, sa at Dalland - Helland hadde hatt Skutehamna som sitt område, men at der hadde vore lite aktivitet. Han sa at dette var sers gamle rettar og leste frå forliket av 1854. Denne saka hadde vart sidan 1927, og han likte ikkje at Hella indre hadde ført opp to naust nordvest for 26. linje.

Eigaren av gnr. 37, bnr. 6, Anders Dalland, sa at nausta måtte vera 6 x 10 m. Sidan han skulle vera med på eit delt naust måtte dette vera større enn vanleg. Han sa at dei som allereide hadde naust eller grunnar etter naust på nordsida, måtte få vera her fortsatt, dei andre måtte heller ta seg naust på nordre Skjenetangen.

Eigaren av gnr. 38, bnr. 9, Herleif Pletten, sa at eigarane på Hella indre ikkje skulle vera med å bestemma kor stort naust som skulle leggjast ut til Dalland - Helland.

Eigaren av gnr. 33, bnr. 1, Asbjørn Grindheim, sa at dei to nausta som er bygde på Hella indre er utanfor det omstridde området. Den eine tomta vart utskilt ved utskiftinga i 1887 og den andre var eigarane samde om å skilja ut. Han sa at det låg ei bu som tilhørde Dalland - Helland på nordre Skjenetangen og dessutan hadde Hans E. Dalland ei nausttuft her.

Fullmektigen for eigaren av gnr. 33, bnr. 2, Martin Hella, sa at det aldri hadde vore tale om naust til Dalland/Helland vest om 26. linje. Han var samd i at dei nausta det ikkje er plass for på nordsida må leggjast på nordre Skjenetangen.

Eigaren av gnr. 33, bnr. 4, Oddmund Hella, sa at Dalland/Helland har sitt sør om 26. linje. Dei to nausta som no er bygde på Hella indre har Dalland/Helland ikkje noko med.

Eigaren av gnr. 33, bnr. 18 og 20, Asmund Hella, sa at Skutehamna var ei av dei beste hamnene på Radøy og difor veldig populær. Han hadde telt opptil 35 båtar her.

Eigaren av gnr. 33, bnr. 17, Karl Sjursen, sa at han berre var interessert i å få merka av dei områda han skulle ha etter semja.

Retten saman med partane og h.r.avd. Torvund tok no synfaring i marka. Også her fekk partane målbere alt dei fann turvande. Det syntes seg no å vera usemje om korleis eigedomstilhøva i notbua skulle få innverknad på fordelinga av nausttomtene. Det syntes uklårt om den delen som gnr. 37, bnr. 6 og gnr. 38, bnr. 3 hadde i notbua skulle gå til frådrag i deira andel av nausttomtene, eller om notbua ikkje skulle reknast med i fordelinga av nausttomtene. Partane vart då samde om at eigaren av gnr. 33, bnr. 18, Asmund Hella skulle overtaka notbua, eigarane av gnr. 37, bnr. 6, Anders O. Dalland og gnr. 38, bnr. 3, Jarle Helland, skulle få kvar si nausttomt i indre delen av Skutehamna, eigar av gnr. 33, bnr. 17, Karl Sjursen skulle få overtaka den bua Asmund Hella har på nordsida av Skutehamna, og Dalland/Helland skulle overtaka den tomte Karl Sjursen har på sørsida av naustet til gnr. 33, bnr. 68.

Jordskifteretten skal no utarbeida eit utkast til skifteplan som den skal leggja fram onsdag den 3. sept. i same rettslokale.

Onsdag den 3. sept. vart retten atten sett i same rettslokale og med same rettspersonale som førre gong.

Retten la no fram eit utkast til korleis nausttomtene skulle plasserast og også kven dei skulle tilhøyra med unnatak av 7 tomter som det skulle trekkjast lut om.

Det vart diskutert med partane ei anna løysing når det gjeld 5 av dei tomtene som skulle leggjast ut nord for Skutehamna. Her vart det lagt fram eit nytt forslag som det såg ut til å vera meir semje om blant partane.

Partane fekk no ordet til dette planframleggget.

Eigaren av gnr. 38, bnr. 9, John K. Helland, hadde ikkje noko å merka.

Eigaren av gnr. 38, bnr. 8, Herleif Pletten, ville at alle tomtene på sørsida skulle dreiaast slik at gnr. 37, bnr. 15 fekk betre plass for sitt naust. Han sa at det måtte leggjast ut køyreveg til både sider av Skutehamna, og det var gammal rett til køyrsel over Skjenet. Han ville dessutan at Dalland/Helland måtte ha rett til å taka på land båt der vegen går over Pollen.

Representanten for gnr. 37, bnr. 2, Hans A. Dalland, overlet til retten å finna den beste løysinga. Han sa at Dalland/Helland hadde kyrerett til steingarden. Han meinte det ikkje kunne vera naudsynt med køyreveg til nordre Skjenetangen då det ville føra til stor trafikk til alle tider av døgnet.

Eigaren av gnr. 38, bnr. 10, Trygve Helland, hadde ikkje noko å merka til dei framlagde planer.

Eigaren av gnr. 37, bnr. 1 ville veta kva eigaren av grunnen vegen går over hadde å seia.

Eigaren av gnr. 33, bnr. 18, Asmund Hella, sa då at det vart bygd veg nedover i 1954 og at det hadde vore mykje parkering av bilar på bøen hans. Sidan vart det kjøpt parkeringsplass hos far hans og denne er no opparbeidd. Dei hadde og vorte tilbudt 1 parkeringsplass på kvar side av Pollen men det var det ikkje interesse for. Han var for så vidt ikkje i mot at nausteigarane fekk køyreveg, men det kunne ikkje vera naudsynt med meir parkeringsplass på hans grunn, dei fekk klara seg med den som var. Han gjekk imot forslaget til Einar Dalland, Dalland/Helland fekk klara seg med dei nausttomtene dei hadde fått utlagt, det skulle ikkje vera naudsynt med eit ekstra båtoppdag i tillegg.

Eigaren av gnr. 38, bnr. 3, Jarle Helland sa at det måtte koma veg både til nordre og søre side av Pollen. Retten måtte ta stode til kor vegen skal gå, kor brei han skal vera, fordeling av kostnader o.s.v.

Eigaren av gnr. 33, bnr. 4 og 5, Oddmund Hella, sa at Dalland/Helland fekk klara seg med den parkeringsplassen dei no har. Han ville heller ikkje at nausteigarane skulle ha noko meir enn det dei no hadde fått utlagt.

Eigaren av gnr. 33, bnr. 17, Karl Sjursen, syntte til pkt. 5 i semja og meinte at vegen til dei to nordlegast tomtene måtte leggjast så langt opp i berget at naustet hans og det til bnr. 68, kunne trekkjast 2 m lenger inn frå der dei no står. Han hadde heller ikkje noko imot at det kom ein 3 m brei veg ovanfor dei nye nausttomtene.

Eigaren av gnr. 38, bnr. 7, Harald Haukås, ville gjerne ha klårlagt kor han skulle få tomta si.

Eigaren av gnr. 37, bnr. 7, Lillian Solbakken, hadde fått nausttomt og var nøgd med den.

Representanten for gnr. 37, bnr. 8, Anne Mariussen, hadde ikkje noko å merka til den tomta bruket hadde fått.

Eigaren av gnr. 37, bnr. 3, Einar Dalland, sa at han var nøgd med det som var gjort til no, men han ville at eigarane på Dalland/Helland skulle ha det arealet frå den siste utlagde tomta på Skjenetangen og fram til notbua.

Eigaren av gnr. 37, bnr. 5, Geir Atle Dalland, var oppteken av at dei doble nausta måtte vera store nok slik at det ikkje vart vanskar når dei skulle brukast.

Det vart no føreteke loddtrekning av dei siste nausttomtene slik at no har alle nausteigarane frå Dalland/Helland fått greie på kor dei har sine naustomter.

Deretter tok retten saman med partane synfaring i marka både for å sjå på kor nausttomtene skal liggja og kor vegen til naustområdet bør gå. Også her fekk partane uttale seg om det dei fann turvande.

Retten drøfta no det siste utarbeidde utkast til skifteplan og gjorde deretter slikt samrøystes

Vedtak:

Fordelinga av nausttomtene gnr. 37 og 38 - Dalland og Helland har på gnr. 33, Hella indre, vert å gjennomføra etter den siste synte planen.

Etter denne planen får gnr. 38, bnr. 4, gnr. 38, bnr. 11, gnr. 37, bnr. 1, gnr. 38, bnr. 10, gnr. 37, bnr. 8, gnr. 37, bnr. 3, gnr. 38, bnr. 6 og gnr. 38, bnr. 2 kvar si tomt på nordre side av Skutehamna. Dessutan får desse doble naust: gnr. 37, bnr. 4 og 5, gnr. 37, bnr. 6 og 7 og gnr. 38, bnr. 9 og 18. Inst i vika på Nordre Skjenetangen ligg nausttomtene til gnr. 37, bnr. 6, gnr. 38, bnr. 3 og gnr. 37, bnr. 15. Elles ligg desse nausttomtene på Nordre Skjenetangen: gnr. 38, bnr. 3, gnr. 38, bnr. 1, gnr. 38, bnr. 5, gnr. 38, bnr. 8 og gnr. 38, bnr. 7. Dessutan får gnr. 33, bnr. 18 notbua.

Etter denne planen får stort sett dei som hadde gamle naust og tufter på nordsida av Skutehamna, att naust her. To av tomtene inst i vågen er til erstatning for deler desse brukta hadde i notbua.

Partane er i hovudsaka samd i kor vegane til naustområdet og innan området, skal gå.

Frå den noverande vegen skal den nye vegen fylgja foten av bergen fram til steingarden. Litt lenger vest skal vegen dele seg og gå med ei grein langs tomtene på nordsida av Skutehamna, medan ei grein går over Pollen og til tomtene på Nordre Skjenetangen.

Tomtene vil no verta merka i marka og til dette arbeidet må partane skaffa handlangarhjelp.

Saka vil verta avslutta i eit seinare møte. Til dette møtet vert partane innkalla i vanleg brev. Dette sa partane seg samde i.

Dette møtet kostar: ..... Sum kr. 2.516,-

som førebels vart betalt av partane slik:

Eigaren av gnr. 37, bnr. 1, Andreas Dalland, med kr.	516,-
" " " 37, " 3, Einar A. Dalland, " "	1.000,-
" " " 38, " 10, Trygve Helland, " "	500,-
" " " 38, " 6, Anders O. Dalland, " "	500,-
<u>Sum kr. 2.516,-</u>	

Jordskiftemeddommarane fekk utbetalt det dei hadde til gode.

På førespurnad kom det ingen merknad til leiinga av møtet eller føringsa av rettsboka.

Rettsboka vart lesen opp. Til stades var då:  
Hans E. Dalland, John Helland, Trygve Helland, Andreas Dalland,  
Svein Bøe, Johs. T. Hella, Anton Berge, Oddmund Hella, Jarle  
Helland, Anders O. Dalland, Asmund Hella, Lillian Solbakken,  
Anne Mariussen, Einar A. Dalland, Geir Atle Dalland og Herleif  
Pletten.

Saka vart med dette utsett.

Retten heva.  
Manger, den 3. sept. 1986.

Arnold Skarseth (s)

Sigurd Nepstad (s)

Jakob N. Fosse (s)

År 1986, den 2. desember vart jordskifterett atter sett i heradshuset på Manger.

Rettsformann: Kst. jordskiftedommar Arnold Skarseth.

Jordskiftemeddommarar: 1. Sigurd Nepstad, 5100 Isdalstø.  
2. Jakob N. Fosse, 5102 Alversund.

Protokollførar: Jordskifteteknikar Einar Hauge.

Sak nr. 7/75 Y og 4/77 Y - utsett etter rettsmøte av 3. september 1986.

Retten og partane er dei same som i førre rettsmøte.

Partane er kalla inn til dette møtet ved vanleg brev som avtalt på førre rettsmøte.

Saka gjeld:

Jordskifte av nausttomter eigrarar på gnr. 37, Dalland og gnr. 38, Helland har på gnr. 33, Hella indre i Radøy herad - utsett etter rettsmøte den 3. sept. 1986.

Framlagt i retten vart:

103. Innkalling til rettsmøtet i dag, datert 16. nov. 1986.

Det framlagde dok. vart lest opp.

I førre møte vart skifteplanen for nausttomtene vedteke. Etter denne er nausttomtene lagt ut som bruksrettar, grensene for desse vert difor bruksrettsgrenser.

Desse grensene er no merka i marka og vert å skriva slik:

I Grensene for nausttomtene.

Grense 1. mellom fellesskap på gnr. 33, bnr. 1 - 5 og 8 - 16, Hella indre, eigrarar Asbjørn Grindheim m.fl. på vestre og søre side og naustrett til gnr. 38, bnr. 7, Helland, eigrarar Harald og Hildur Haukås, på dei motsette sider tek til i sjøen og går 204,2 i rett line 14,5 m til kross i berg (1) og same retning 8,91 m til kross i berg (2), her vinklar grensa og går i 103,5<sup>9</sup>, 5,04 m i rett line til kross i berg (3).

Grense 2, mellom naustrett til gnr. 38, bnr. 7 på vestre side og naustrett til gnr. 38, bnr. 8, eigar Herleif Pletten, på den motsette sida, tek til der grense 1 endar og går 4,2 i rett line 10,64 m til kross i berg (4) og vidare same retning 13 m til eit punkt i sjøen der grense 2 endar.

Grense 3, mellom gnr. 33, bnr. 1 - 5 og 8 - 16 på nordre side og naustrett til gnr. 38, bnr. 7 på motsett side, tek til der grense 2 endar og går 303<sup>g</sup> i rett line ca. 5 m til utgangspunktet for grense 1.

Grense 4, mellom gnr. 33, bnr. 1 - 5 og 8 - 16 på søre side og naustrett til gnr. 38, bnr. 8 på den motsette side tek til i grensemerke 3 og går 103,5<sup>g</sup> i rett line 4,95 m til merkestein (5).

Grense 5, mellom naustrett til gnr. 38, bnr. 5, eigar Einar Helland, på austre side og naustrett til gnr. 38, bnr. 8 på den motsette sida, tek til i grensemerke 5 og går 4,2 i rett line 10,87 m til kross i berg (6) og vidare 12,5 m til eit punkt i sjøen der grense 5 endar.

Grense 6, mellom naustrett til gnr. 38, bnr. 8 på søre side og gnr. 33, bnr. 1 - 5 og 8 - 16 på den motsette sida, tek til i endepunktet av grense 5 og går 303<sup>g</sup> i rett line ca 5 m til endepunktet for grense 2.

Grense 7, mellom gnr. 33, bnr. 1 - 5 og 8 - 16 på søre sida og naustrett til gnr. 38, bnr. 5 på den motsette sida tek til i grensemerke 5 og går 103,5<sup>g</sup> i rett line 5,00 m til merkestein (7).

Grense 8, mellom naustrett til gnr. 38, bnr. 1, eigar Svein Bøe på austsida og naustrett til gnr. 38, bnr. 5 på den motsette sida, tek til i grensemerk 7 og går 4,2 i rett line 11,77 m til kross i berg (8) og vidare same retning 12 m til eit punkt i sjøen der grense 8 ender.

Grense 9, mellom gnr. 37, bnr. 1 - 5 og 8 - 16 på nordsida og naustrett til gnr. 38, bnr. 5 på den motsette sida, tek til i endepunktet av grense 8 og går 303<sup>g</sup> ca. 5 m til endepunktet for grense 5.

Grense 10, mellom gnr. 33, bnr. 1 - 5 og 8 - 16 på sørsida og naustrett til gnr. 38, bnr. 1, eigar Svein Bøe, på den motsette sida tek til i grensemerke 7 og går 103,5<sup>g</sup> i rett line 4,98 m til merkestein (9).

Grense 11, mellom naustrett til gnr. 38, bnr. 1 på vestre side og naustrett til gnr. 38, bnr. 3, eigar Jarle Helland, på den motsette sida tek til i grensemerke 9 og går 4,2 i rett line 12, 37 m til kross i berg (10) og same retning 11 m til eit punkt i sjøen der grensa endar.

Grense 12, mellom gnr. 33, bnr. 1 - 5 og 8 - 16 på nordre side og naustrett til gnr. 38, bnr. 1 på den motsette sida, tek til i endepunktet for grense 11 og går ca. 5 m i sjøen til endepunktet for grense 8.

Grense 13, mellom gnr. 33, bnr. 1 - 5 og 8 - 16 på søre og austre sider og naustrett til gnr. 38, bnr. 3 på dei motsette sider, tek til i grensemerke 9 og går 103,5<sup>g</sup> i rett

line 5,07 m til nedsett stein (11), her vinklar grensa og går 4,2<sup>g</sup> i rett line 8,57 m til kross i berg (12) der grense 13 endar.

Grense 14., mellom naustrett til gnr. 38, bnr. 3 på vestre side og naustrett til gnr. 37, bnr. 15, eigar Kirsten Dalland, på den motsette side, tek til i grensemerke 12 og går 4,2<sup>g</sup> i rett line 15 m til eit punkt i sjøen der grensa endar.

Grense 15., mellom gnr. 33, bnr. 1 - 5 og 8 - 16 på nordre side og naustrett til gnr. 38, bnr. 3 på den motsette sida, tek til i endepunktet av grense 14 og går 303<sup>g</sup> i rett line ca. 5 m i sjøen til endepunktet for grense 11.

Grense 16., mellom gnr. 33, bnr. 1 - 5 og 8 - 16 på sørvestre og søraustre sider og naustrett til gnr. 37, bnr. 15 på dei motsette sider tek til i grensemerke 12 og går 136,7<sup>g</sup> 24,20 m til kross i berg (13), her vinklar grensa og går 41<sup>g</sup> 5,83 m til kross i berg (14) der grensa endar.

Grense 17., mellom naustrett til gnr. 38, bnr. 3 på nordaustre side og naustrett til gnr. 37, bnr. 15 på den motsette side, tek til i grensemerke 14 og går 341,2<sup>g</sup> i rett line 7,11 m til kross i berg (15) og same retning 13,5 m til eit punkt i sjøen der grensa endar.

Grense 18., mellom gnr. 33, bnr. 1 - 5 og 8 - 16 på nordaustre sida og naustrett til gnr. 37, bnr. 15 på den motsette sida tek til i endepunktet av grense 17 og går 370<sup>g</sup> i rett line i sjøen 13 m til endepunktet for grense 14.

Grense 18<sup>A</sup>., mellom gnr. 33, bnr. 1 - 5 og 8 - 16 på søraustre side og naustrett til gnr. 38, bnr. 3 på den motsette sida, tek til i grensemerke 14 og går 41<sup>g</sup> i rett line 5,05 m til kross i berg (16) der grensa endar.

Grense 19., mellom naustrett til gnr. 37, bnr. 6, eigar Ingvard Helland, på nordaustre side og naustrett til gnr. 38, bnr. 3 på den motsette sida, tek til i grensemerke 16 og går 341,2<sup>g</sup> i rett line 8,49 m til kross i berg (17) og vidare same retning 12 m til eit punkt i sjøen der grensa endar.

Grense 20., mellom gnr. 33, bnr. 1 - 5 og 8 - 16 på nordvestre side og naustrett til gnr. 38, bnr. 3 på den motsette sida tek til i endepunktet for grense 19 og går 241<sup>g</sup> i rett line 5 m i sjøen til endepunktet for grense 17.

Grense 21., mellom gnr. 33, bnr. 1 - 5 og 8 - 16 på søraustre, nordaustre og nordvestre sider og naustrett til gnr. 37, bnr. 6 på dei motsette sidene, tek til i grensemerke 16 og går 41<sup>g</sup> i rett line 4,96 m til kross i berg (18), her vinklar grensa og går 341,2<sup>g</sup> i rett line 6,23 m til kross i berg (19) og same retning 14 m til eit punkt i sjøen, her vinklar grensa og går 241<sup>g</sup> 5 m i sjøen til endepunktet av grense 19.

Grense 22., mellom gnr. 33, bnr. 18, eigar Asmund Hella, på søraustre side og naustrett til gnr. 38, bnr. 2, eigar Sverre Myrtveit på den motsette sida, tek til i eit steingardshjørne som ligg ca 1 m øst for grensemerke 20 og grensa går 276<sup>g</sup> etter steingarden 17 m til steingardsenden og vidare 11 m ut i sjøen til eit punkt der grense 22 endar.

Grense 23. mellom gnr. 33, bnr. 17, eigar Karl Sjursen, på nordaustre side og naustrett til gnr. 38, bnr. 2 på den motsette sida, tek til i utgangspunktet for grense 22 og går 372,8<sup>9</sup> i rett line ca. 1 m til kross i jordfast stein (20) og same retning 5,41 m til kross i berg (21).

Grense 24. mellom gnr. 38, bnr. 2 på søraustre side og naustrett til gnr. 38, bnr. 9, eigar John K. Helland og bnr. 18, eigar Meinert Helland på den motsette sida tek til i grensemerke 21 og går 285,9<sup>9</sup> i rett line 10,21 m til kross i berg (22) og same retning 23 m til eit punkt i sjøen der grense 24 endar.

Grense 25. mellom gnr. 33, bnr. 17 på sørvestre side og naustrett til gnr. 38, bnr. 2 på den motsette sida tek til i endepunktet av grense 22 og går 348<sup>9</sup> i rett line 12,5 m i sjøen til endepunktet av grense 24.

Grense 26. mellom gnr. 33, bnr. 17 på nordaustre sida og naustrett til gnr. 38, bnr. 9 og 18 på den motsette sida, tek til i grensemerke 21 og går 344,6<sup>9</sup> i rett line 6,30 m til kross i berg (23).

Grense 27. mellom naustrett til gnr. 37, bnr. 6, eigar Anders O. Dalland og bnr. 7, eigar Lillian Solbakken på nordvestre side og gnr. 38, bnr. 9 og 18 på den motsette sida tek til i grensemerke (23) og går 289,4<sup>9</sup> i rett line 5,55 m til kross i berg (24), same retning 6,04 m til kross i berg (25), same retning 6,07 m til kross i jordfast stein (26) i flomålet og same retning 16,5 m til eit punkt i sjøen der grense 27 endar.

Grense 28. mellom gnr. 33, bnr. 17 på sørvestre side og naustrett til gnr. 38, bnr. 9 og 18 på den motsette sida tek til i endepunktet av grense 24 og går 348<sup>9</sup> i rett line 9 m i sjøen til endepunktet av grense 27.

Grense 29. mellom gnr. 33, bnr. 17 på nordaustre side og naustrett til gnr. 37, bnr. 6<sup>9</sup> og 7 på den motsette sida, tek til i grensemerke 23 og går 358<sup>9</sup> i rett line 6,25 m til kross i berg (27).

Grense 30. mellom naustrett til gnr. 37, bnr. 6 og 7 på søre sida og gnr. 38, bnr. 6, eigar Ingvard Helland, på den motsette sida, tek til i grensemerke 27 og går 296,6<sup>9</sup> 8,33 m til kross i berg (28) same retning 8,43 m til kross i jordfast stein (29) i flomålet og same retning 22 m til eit punkt i sjøen der grense 30 endar.

Grense 31. mellom gnr. 33, bnr. 17 på nordaustsida og naustrett til gnr. 38, bnr. 6 på den motsette sida, tek til i grensemerke 27 og går 358<sup>9</sup> i rett line 7,75 m til merkestein (30).

Grense 31<sup>A</sup>. mellom gnr. 33, bnr. 17 på sørvestsida og naustrett til gnr. 37, bnr. 6 og 7 på den motsette sida, tek til i endepunktet av grense 27 og går 348<sup>9</sup> i rett line 12,3 m til endepunktet av grense 30.

Grense 32. mellom naustrett til gnr. 37, bnr. 3, eigarar Einar og Eli Dalland, på nordsida og naustrett til gnr. 38, bnr. 6 på den motsette sida tek til i grensemerke 30 og går

294,3<sup>9</sup> i rett line 4,08 m til merkestein (31), same retning 10,07 m til kross i jordfast stein (32) i flomålet og same retning 25 m til eit punkt i sjøen der grense 32 endar.

Grense 33, mellom gnr. 33, bnr. 17, på sørvestre side og naustrett til gnr. 38, bnr. 6 på den motsette sida, tek til i endepunktet av grense 30 og går 348<sup>9</sup> i rett line 7 m til endepunktet av grense 32.

Grense 34, mellom gnr. 33, bnr. 17 på nordaustre side og naustrett til gnr. 37, bnr. 3 på den motsette sida, tek til i grensemerke 30 og går 358<sup>9</sup> i rett line 5,96 m til kross i berg (33).

Grense 35, mellom naustrett til gnr. 37, bnr. 3 på sørsida og naustrett til gnr. 37, bnr. 8, eigar Atle Mariussen på den motsette sida, tek til i grensemerke 33 og går 394,3<sup>A</sup> i rett line 11,32 m til kross i jordfast stein (34) i flomålet og same retning 27,5 m til eit punkt i sjøen der grense 35 endar.

Grense 36, mellom gnr. 33, bnr. 17 på sørvestre side og naustrett til gnr. 37, bnr. 3 på den motsette sida tek til i endepunktet av grense 32 og går 348<sup>9</sup> i rett line 4,5 m til endepunktet av grense 35.

Grense 37, mellom gnr. 33, bnr. 17 på nordaustre og nordre sider og naustrett til gnr. 37, bnr. 8, eigar Atle Mariussen, på dei motsette sider, tek til i grensemerke 33 og går 358<sup>9</sup> i rett line 6,00 m til kross i berg (34)<sup>B</sup>, her vinklar grensa og går 294,3<sup>9</sup> i rett line 12,02 m til kross i jordfast stein (35) i flomålet.

Grense 38, mellom naustrett til gnr. 37, bnr. 4, eigar Olaf L. Dalland og bnr. 5, Geir Atle Dalland, på nordvestre side og naustrett til gnr. 37, bnr. 8 på den motsette sida tek til i grensemerke 35 og går 277<sup>9</sup> i rett line 24,5 m i sjøen til endepunktet av grense 35 og 36 i sjøen.

Grense 39, mellom gnr. 33, bnr. 17, på søraustre og nordaustre side og naustrett til gnr. 37, bnr. 4 og 5 på dei motsette sider, tek til grensemerke 35 og går 57,8<sup>9</sup> i rett line 10,12 m til kross i berg (36), her vinklar grensa og går 358<sup>9</sup> i rett line 6,50 m til kross i berg (37).

Grense 40, mellom naustrett til gnr. 37, bnr. 4 og 5 på sør-austre side og naustrett til gnr. 38, bnr. 10, eigar Trygve Helland, på den motsette sida, tek til i grensemerke (37) og går 257,8<sup>9</sup> i rett line 8,17 m til kross i jordfast stein (38) og same retning 25 m til endepunktet av grense 35, 36 og 38 i sjøen.

Grense 41, mellom gnr. 33, bnr. 17, på nordaustre side og naustrett til gnr. 38, bnr. 10, på den motsette sida tek til i grensemerke 37 og går 358<sup>9</sup> i rett line 4,89 m til kross i berg (39).

Grense 42, mellom naustrett til gnr. 37, bnr. 1, eigar Andreas Dalland, på nordvestre side og gnr. 38, bnr. 10 på den motsette sida, tek til i grensemerke 39 og går 257,8<sup>9</sup> i rett line 6,55 m til kross i jordfast stein (40) og same retning 27 m til eit punkt i sjøen der grense 42 endar.

Grense 43, mellom gnr. 33, bnr. 17, på sørvestre side og naustrett til gnr. 38, bnr. 10, på den motsette sida tek til i endepunktet av gnr. 40 og går 348 i rett line 4,7 m i sjøen til endepunktet av grense 42.

Grense 44, mellom gnr. 33, bnr. 17, på nordaustre og nordvestre sider og gnr. 37, bnr. 1 på dei motsette sider, tek til i grensemerke 39 og går 358 i rett line 5,08 m til kross i berg (41), her vinklar grensa og går 257,8 i rett line 4,20 m til kross i berg (42).

Grense 45, mellom naustrett til gnr. 33, bnr. 68 og 76, eigar Karl Sjursen på nordvestre side og naustrett til gnr. 37, bnr. 1, på den motsatte sida, tek til i grensemerke 42 og går 258,5 i rett line 4,15 m til kross i jordfast stein (43) i flomålet og same retning 26,5 m til eit punkt i sjøen der grense 45 endar.

Grense 46, mellom gnr. 37, bnr. 17, på nordaustre, nordvestre og sørvestre sider og naustrett til gnr. 33, bnr. 68 og 76 på dei motsette sider, tek til i grensemerke 42 og går 360,5 i rett line 5,58 m til kross i berg (44), her vinklar grensa og går 258,5 i rett line 5,51 m til kross i jordfast stein (45) i flomålet og same retning 26,5 m til eit punkt i sjøen, her vinklar grensa og går 148 i rett line 7 m til endepunktet av grense 45.

Grense 46<sup>A</sup>, mellom gnr. 33, bnr. 17 på sørvestre side og naustrett til gnr. 37, bnr. 1 på motsett side, tek til i endepunktet for grense 43 og går i retning 348 5 m i sjøen til endepunktet for grense 46.

Grense 47, mellom gnr. 33, bnr. 17 på søre, austre og nordre sider og naustrett til gnr. 38, bnr. 11, eigar Harry Helland, på dei motsette sider tek til i eit punkt i sjøen og går 150 i rett line 3,7 m til eit punkt i sjøen, her vinklar grensa og går 24,1 i rett line 21 m til kross i jordfast stein (46) i flomålet, vidare same retning 9,06 m til kross i berg (47), her vinklar grensa og går 316,8 i rett line 4,95 m til kross i berg (48) der grensa endar.

Grense 48, mellom naustrett til gnr. 38, bnr. 4, eigar Dorthea Taule, på vestsida og nausttomt til gnr. 38, bnr. 11 på den motsette sida, tek til i grensemerke 48 og går 217,9 i rett line 3,53 m til kross i jordfast stein (49) og vidare same retning 25 m til utgangspunktet for grense 47.

Grense 49, mellom gnr. 33, bnr. 17, på nordre sida og naustrett til gnr. 38, bnr. 4 på den motsette sida, tek til i grensemerke 43 og går 286,3 i rett line 5,04 m til kross i berg (50).

Grense 50, mellom gnr. 33, bnr. 4 og 6, eigara Oddmund og Else Hella på vestre side og naustrett til gnr. 38, bnr. 4, på den motsette sida, tek til i grensemerke (50) og går 228,1 i rett line 3,12 m til kross i berg (51) i flomålet og vidare same retning 21 m til eit punkt i sjøen der grense 50 endar.

Grense 51, mellom gnr. 33, bnr. 17 på sørvestre side og naustrett til gnr. 38, bnr. 4 på den motsette sida, tek til i endepunktet for grense 48 og går 350° i rett line 7 m i sjøen til endepunktet for grense 50.

Avstandane er horisontale mål og retningane er oppgjevne i høve til sant nord.

## II Dei nye teigane.

Med dei her skrivne grenser er nausttomtene eigarar av gnr. 38, Helland og gnr. 37, Dalland, har på gnr. 33, Hella indre, lagt ut såleis:

Gnr. 33, bnr. 68 og 76, eigar Karl Sjursen er utlagd bruksrett til ei nausttomt omgjeven av grense 45 og 46.

Gnr. 37, bnr. 1, eigar Andreas Dalland er utlagd bruksrett til ei nausttomt omgjeven av grense 42, 44, 45 og 46<sup>A</sup>.

Gnr. 37, bnr. 3, eigarar Einar og Eli Dalland, er utlagd bruksrett til ei nausttomt omgjeven av grense 32, 34, 35 og 36.

Gnr. 37, bnr. 4, eigar Olaf L. Dalland, er utlagd bruksrett til halvdelen av ei nausttomt omgjeven av grense 38, 39 og 40.

Gnr. 37, bnr. 5, eigar Geir Atle Dalland, er utlagd bruksrett til halvdelen av ei nausttomt omgjeven av grense 38, 39 og 40.

Gnr. 37, bnr. 6, Anders Dalland, er utlagd bruksrett til 1,5 nausttomt:

Tomt 1: Nausttomt omgjeven av grense 19 og 21.

Tomt 2: Halvdelen av ei nausttomt omgjeven av grense 27, 29, 30 og 31<sup>A</sup>.

Gnr. 37, bnr. 7, Lillian Solbakken, er utlagt bruksrett til halvdelen av ei nausttomt omgjeven av grense 27, 29, 30 og 31<sup>A</sup>.

Gnr. 37, bnr. 8, eigar Atle Mariussen, er utlagd bruksrett til ei nausttomt omgjeven av grense 35, 37 og 38.

Gnr. 37, bnr. 15, eigar Kirsten Dalland, er utlagd bruksrett til ei nausttomt omgjeven av grense 14, 16, 17 og 18.

Gnr. 38, bnr. 1, eigar Svein Bøe, er utlagd bruksrett til ei nausttomt omgjeven av grense 8, 10, 11 og 12.

Gnr. 38, bnr. 2, eigar Sverre Myrtveit, er utlagd bruksrett til ei nausttomt omgjeven av grense 22, 23, 24 og 25.

Gnr. 38, bnr. 3, eigar Jarle Helland, er utlagd bruksrett til 2 nausttomter:

Tomt 1 er omgjeven av grense 11, 13, 14 og 15.  
Tomt 2 er omgjeven av grense 17, 18<sup>A</sup>, 19 og 20.

Gnr. 38, bnr. 4, eigar Dorthea Taule, er utlagd bruksrett til ei nausttomt omgjeven av grense 48, 49, 50 og 51.

Gnr. 38, bnr. 5, eigar Einar Helland, er utlagd bruksrett til ei nausttomt omgjeven av grense 5, 7, 8 og 9.

Gnr. 38, bnr. 6, eigar Ingvard Helland, er utlagd bruksrett til ei nausttomt omgjeven av grense 30, 31, 32 og 33.

Gnr. 38, bnr. 7, eigarar Harald og Hildur Haukås, er utlagt bruksrett til ei nausttomt omgjeven av grense 1, 2 og 3.

Gnr. 38, bnr. 8, eigar Herleif Pletten, er utlagd bruksrett til ei nausttomt omgjeven av grense 2, 4, 5 og 6.

Gnr. 38, bnr. 9, eigar John K. Helland, er utlagd bruksrett til halvdelen av ei nausttomt omgjeven av grense 24, 26, 27 og 28.

Gnr. 38, bnr. 10, eigar Trygve Helland, er utlagt bruksrett til ei nausttomt omgjeven av grense 40, 41, 42 og 43.

Gnr. 38, bnr. 11, eigar Harry Helland, er utlagd bruksrett til ei nausttomt omgjeven av grense 47 og 48.

Gnr. 38, bnr. 18, eigar Meinert Helland, er utlagd bruksrett til halvdelen av ei nausttomt omgjeven av grense 24, 26, 27 og 28.

Dei utlagde nausttomtene omfattar bruksrettar til naust og båtoppdrag.

Dessutan er gnr. 33, bnr. 18, eigar Asmund Hella, utlagd den gamle notbua og grunnen den står på med tilhøyrande båtoppdrag.

### III Vegar.

Frå før har brukarane av nausttomter hatt ein gangevegrett til naustområdet. Denne vegretten er no utvida til bilkøyreveg m.a. for å kunna koma fram med reiskap i samband med bygginga av nausta. Denne vegen vil for ein stor del gå over bnr. 33, bnr. 18 og til kompensasjon for den grunn som går med, vil difor dette bruket få rett til å bruka vegen utan å kosta i han. Likeeins går vegen til dels over gnr. 33, bnr. 17 og felleskapet på gnr. 33, bnr. 1 - 5 og 8 - 16. Til erstatning for den grunn som går med, vil difor desse eigarane få mindre del i kostnadene med vegen. Sidan det er tilfeldig kor dei enkelte har fått nausttomt, finn jordskifteretten det rettast at alle naust-brukarane får like stor del i vegen anten dei er på nord- eller sørsida av Skutehamna. Dei som berre har rett til 1/2 naust slepp med mindre kostnad enn dei som har eit naust åleine.

Der vegen går over gnr. 33, bnr. 18 er nordsida av vegen verka i marka og grensa tek til i vestre kant av bygdevegen og går VtN til V i berg (1) som står like vest for vegen, omlag same retning ca. 20 m til V i berg (2), omlag same retning ca. 60 m til V i berg (3) og vidare omlag same retning ca. 40 m til steingarden. Herfrå går vegen over gnr. 33, bnr. 17, og søre kant av vegen går som synt på kartet ca. 50 m vestover langs steingarden og derfrå nordvestover slik at vestre veggant fylgjer nordaustsida av nausttomtene fram til grensemerke 41.

Ein arm av vegen tek av som synt på kartet og går over Pollen og går på Nordre Skjenetangen først sydvestover langs austsida av nausttomtene ca. 50 m til grensemerke 13 og deretter vestover langs sørssida av nausttomtene omlag 45 m til grensemerke 2.

Vegen kan opparbeidast til bilkøyreveg med ei køyrebane på 3 m, og vegen er til bruk for gnr. 33, bnr. 1 - 5, 8 - 18, 68 og 76, gnr. 37, bnr. 1<sup>3</sup> - 8<sup>15</sup> og gnr. 38, bnr. 1, — 11, — og 18.

Kostnadene med opparbeiding og vedlikehald av vegen skal delast på eigarane såleis:

Gnr. 33, bnr. 1:	1 %	Gnr. 37, bnr. 4:	3 %
" 33, " 2:	1 %	" 37, " 5:	3 %
" 33, " 3:	1 %	" 37, " 6:	6 %
" 33, " 4:	1 %	" 37, " 7:	3 %
" 33, " 5:	1 %	" 37, " 8:	4 %
" 33, " 8:	1 %	" 37, " 15:	4,5 %
" 33, " 9:	1 %	" 38, " 1:	4,5 %
" 33, " 10:	1 %	" 38, " 2:	4 %
" 33, " 11:	1 %	" 38, " 3:	7,5 %
" 33, " 12:	1 %	" 38, " 4:	4 %
" 33, " 13:	1 %	" 38, " 5:	4,5 %
" 33, " 14:	1 %	" 38, " 6:	4,5 %
" 33, " 15:	1 %	" 38, " 7:	4,5 %
" 33, " 16:	1 %	" 38, " 8:	4,5 %
" 33, " 17:	1 %	" 38, " 9:	3 %
" 33, " 68 og 76:	1 %	" 38, " 10:	4,5 %
" 37, " 1:	4 %	" 38, " 11:	4 %
" 37, " 3:	4 %	" 38, " 18:	<u>3 %</u>
Sum 100 %			

Grunnen tilhøyrer dei bruk vegen går over, medan vegretten er sams for dei som brukar vegen.

Vegen kan opparbeidast den tid partar med tilsaman minst 50 % andel i vegen, krev det.

Fra enden av veg 1 ved grensemerke 41 er det utlagd ein gangeveg på 1,5 m breidde. Nordre side av vegen er merka med 3 V-ar i berg og går vestover til grense 48 omlag ved grensemerke 49. Vegen er til bruk for gnr. 33, bnr. 17, 69 og 76 og gnr. 38, bnr. 4 og 11.

Inntil den nye veg nr. 1 er bygd, kan nausteigarane og eigarane av gnr. 33, bnr. 1 - 5 og 8 - 16 - bruka den gangvegen som hittil er brukt over bnr. 18 langs sjøen for å koma til Nordre Skjenetangen og tomtene der.

Eigarane på gnr. 37, Dalland og gnr. 38, Helland, har halde fram at dei har bruk for ein sams utsetting- og islandtakingsplass for

båtar. Dei meiner at når alle nausta er bygde, vil dei ikkje kunne koma til sjøen med køyretøy slik at dei kan få på land eller setja ut ein båt. Dei har synt til at eit slikt oppdrag måtte gå an å få til der den nye vegen går over Pollen. Eigarane av gnr. 33, Hella indre, har protestert på dette og meiner at når no Dalland/Helland har fått nausttomter, har dei ikkje krav på noko meir. Jordskiffteretten finn heller ikkje at det er trøng for eit slikt båtopptrekk. Når no Dalland/Helland har fått utlagt sitt naustområde, må dei kunna koma til sjøen her. Skulle ikkje det gå, kan dei til dømes nyta offentlege kaien til å taka på land og setja ut båtar.

#### IV Sakskostnader.

1. møte kostar	kr. 360,-
2. " "	" 981,30
3. " "	" 349,20
4. " "	" 2.516,-
Dette møtet kostar: .....	" 971,-
Gebyr	<u>" 270,-</u>

Til saman kr. 5.447,50

Jordskiftekostnadene skal delast etter den nytte den einskilde part har av jordskiftet. I dette høvet er nytten størst for eigarane på gnr. 37, Dalland og gnr. 38, Helland, som har fått utlagt nausttomter. Men også eigarane på gnr. 33, Hella indre, har ei viss nytte av dette jordskiftet då dei har fått avklåra kor Dalland og Helland skal ha sine nausttomter og difor står friare i å nytte resten av arealet. Den dommen som avklårar rettstilhøva, må sjåast å vera like naudsynt for Hella indre som for Dalland/Helland. Her står eigaren av gnr. 33, bnr. 17 i ei særstilling i og med at han har fått avklåra sine eigedoms-tilhøve ved sjøen.

Når det gjeld kostnadsfordelinga innbyrdes mellom nausteigarane, vert her gjort skildnad på om det er heil eller delt nausttomt.

Etter retten sitt skjøn er difor sakskostnadene delt slik:

Gnr./ Bnr. / Eigar	Skal betale	Har betalt	Skuldar		Tilgode
33/1: Asbjørn Grindheim	60,-	981,30			921,30
33/2: Tore B. Morland	60,-	0,-	60,-		
33/3: Anton Berge	60,-	0,-	60,-		
33/4, 6: Oddmund og Else Hella	60,-	0,-	60,-		
33/5: Kirsten og Nils Vestrheim	60,-	0,-	60,-		
33/8: Kirsten Helle	60,-	0,-	60,-		
33/9: Borghild Gundersen Hella	60,-	0,-	60,-		
33/10: Bjarne Helle	60,-	0,-	60,-		
33/11: Olav A. Helle	60,-	0,-	60,-		
33/12: Jan Soltveit	60,-	0,-	60,-		
33/13: Bjarne Sture	60,-	0,-	60,-		
33/14: Johannes T. Hella	60,-	0,-	60,-		
33/15: Bertin Helle	60,-	0,-	60,-		
33/16: Trygve Hella	60,-	0,-	60,-		
33/17: Karl Sjursen	207,50	0,-	207,50		
33/18,20:Asmund Hella	210,-	0,-	210,-		
33/68,76:Karl Sjursen	210,-	0,-	210,-		
37/1: Andreas Dalland	210,-	516,-			306,-
37/3: Einar og Eli Dalland	210,-	1000,-			790,-

Gnr./ Bnr. / Eigar	Skal betale	Har betalt	Skuldar	Tilgode
37/4: Olaf L. Dalland	110,-	0,-	110,-	
37/5: Geir Atle Dalland	110,-	0,-	110,-	
37/6: Anders Dalland	310,-	500,-		190,-
37/7: Lillian Solbakken	110,-	0,-	110,-	
37/8: Atle Mariussen	210,-		210,-	
37/15: Kirsten Dalland	210,-	709,20		499,20
38/1: Svein Bøe,	210,-	0,-	210,-	
38/2: Sverre Myrtveit	210,-	0,-	210,-	
38/3: Jarle Helland	400,-	0,-	400,-	
38/4: Dorthea Taule	200,-	0,-	200,-	
38/5: Einar Helland	210,-	0,-	210,-	
38/6: Ingvard Helland	210,-	0,-	210,-	
38/7: Harald og Hildy Haukås	210,-	0,-	210,-	
38/8: Herleif Pletten	210,-	0,-	210,-	
38/9: John K. Helland	110,-	0,-	110,-	
38/10: Trygve Helland	210,-	500,-		290,-
38/11: Harry Helland	210,-	0,-	210,-	
38/18: Meinert Helland	110,-	0,-	110,-	
Balanse, siste møtet		1241,-		1241,-
Sum:	5447,50	5447,50	4237,50	4237,50

Desse betalte dei skuldige beløp på staden:

Oddmund og Else Hella, Asmund Hella, Olaf L. Dalland, Geir Atle Dalland, Lillian Solbakken, Atle Mariussen, Jarle Helland og Herleif Pletten.

Andreas Dalland fekk utbetalt det han hadde tilgode.

Jordskiftemeddommarane fekk også utbetalt det dei hadde tilgode.

Dei skuldige beløp skal vera innbetalt til Nord- og Midhordland jordskifterett innan 15 - femten - dagar frå forkynning under utpantingstvang.

#### V Ymse avgjærder.

1. Denne jordskiftesaka trer under rettsleg tvang i kraft den 1. april 1987.
2. Forkynning skjer ved at kopi av rettsboka vert sendt partane i rekommandert brev.
3. Den tinglyste utskrift av rettsboka skal oppbevarast hos eigaren av gnr. 37, bnr. 3 til sams bruk for interesserte.

Saka vart avslutta ved opplesing av delar av rettsboka for dette møtet og til stades ved opplesinga var:  
Einar Dalland, Herleif Pletten, Lillian Solbakken, Anders Dalland, Atle Mariussen, Jarle Helland, Andreas Dalland, Oddmund Hella, Asmund Hella og Geir Atle Dalland.

Rettsformannen gjorde no greie for ankereglane, og gjorde spesielt merksam på at ankefristen på 2 - to - månader går frå forkynninga og at kopi av ankereglane vert sendt ut saman med forkynninga.

På spørsmål fra rettsformannen kom ingen merknader til leiinga av møtet eller førингa av rettsboka.

Saka slutta.

Retten heva.  
Manger, 2. desember 1986.

Arnold Skarseth (s)

Sigurd Nepstad (s)

Jakob N. Fosse (s)

Rett utskrift:

*Arnold Skarseth*

